



Den norske kyrkja si diakonale rolle som aktør i pilegrimsarbeidet knytt til Nasjonalt Pilegrimssenter.

Ei kvalitativ undersøking om korleis Den norske kyrkja legg til rette i pilegrimsarbeid slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud.

Kjersti Hausberg Bjerga

VID vitenskapelige høgskole

MF vitenskapelige høyskole

Oslo

Masteroppgåve

Master i diakoni

Antal ord: 22 835

16.05.2022

Opphavsrett

Forfattere har opphavsrettane til rapporten.

Nedlasting for privat bruk er tillate.

Fyrste gong eg møtte på ein pilegrimsled, var etter seks dagar med vandring frå Stjørdal til Sylsjøen i Sverige. På veg opp mot Skardøra stod det eit skilt ved stien. Innhaldet var enkelt å forstå. Ei bøn om tryggleik og fred i vidare vandring, og noko informasjon om leden som går der. Eg møtte Jämt-Norge leden som etter kvart kjem ilag med Romboleden, og går vidare til Trondheim og Nidarosdomen. Fjellturen min ilag med to døtrer, var snart over. Me var trøytte, og kjende på glede og forventning til snart å kunne leggja frå oss sekkane og ta ein dusj. Møtet med skiltet, bøna og pilegrimsleden gav meg ei påminning. Mange hadde vandra før oss. Mange hadde gjennom historia lagt sin lit til at Gud var med. Mange kunne ikkje velja og leggja ut på ei vandring slik som oss. Det var naudsynt, og det einaste moglege valet å ta om livet skulle kunne verta betre.

Samandrag

Problemstillinga for denne masteroppgåva i diakoni er:

Korleis kan Den norske kyrkja leggja til rette på pilegrimsledane organisert av Nasjonalt Pilegrimssenter, slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud?

Den norske kyrkja (DNK) har gjennom rolla si som aktør i Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS) sitt arbeid med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar, eit mogleg rom til å bringa fram kristne verdiar og innhald. Empirien baserer seg på seks kvalitative intervju med tilsette i DNK innanfor Stavanger Bispedømme og Nidaros Bispedømme, NPS og eit regionalt pilegrimssenter. Oppgåva har ei fenomenologisk tilnærming, og gir eit bilete av erfaringar og kunnskap hjå informantane. Teorien har med temaa identitet og gudsbilete i frå sjelesorg. I tillegg er erfaringslæring og diakoni trekt fram.

Resultat av dette studiet viser at det er viktig med eit tverrfagleg samarbeid, og erfarings- og kunnskapsutveksling. Interessa for pilegrimsvandring er aukande, og mange søker etter å få eit endra eller eit nytt perspektiv på seg sjølv, livet eller begge deler. Slik er det ei utfordring i samfunnet der pilegrimstanken kan møte menneska. NPS kan koordinera dette arbeidet. DNK kan ta ansvar for å gje og møte mennesket der det er, ved å leggja til rette for å visa at det er ein del av noko større, det har ein likeverdi, og det har eit ansvar for seg sjølv og andre. Opne kyrkjer er viktig både ved korte og lange pilegrimsvandringar, og generelt.

Nøkkelord: Den norske kyrkja, Nasjonalt pilegrimssenter, pilegrimsledar, pilegrimsvandringar, identitet, Gud som skapar, diakoni

Abstract

The research question proposed through this thesis in diakonia is: How can the Church of Norway (DNK) contribute to the facilitation of pilgrimage and pilgrim trails organized by National Pilgrim Center (NPS), in a way that allows individual human beings to experience his or her identity as created by God?

DNK has a unique opportunity to highlight Christian values and belief through its role as an actor within the work done by NPS in connection to pilgrimages and pilgrim trails. The empirical data is based on six qualitative interviews conducted with employers for the DNK in Stavanger Bispedømme, Nidaros Bispedømme, NPS and a regional center for pilgrimage.

This thesis takes a phenomenological approach and tries to provide a comprehensive view of the experiences and knowledge of the informants. For the theoretical part, theories connected to identity and the view of God as the creator, which are common themes within pastoral caring theories, are emphasized. Additionally, theories about learning by doing, and the subject of diakonia within DNK will also be brought up.

The result of this study shows the importance of working interdisciplinary and exchanging experiences and knowledge. There is an increasing interest for pilgrimage, and many humans want to change their perspective on life, themselves, or both. Pilgrimage provides a solution to this challenge, with NPS being able to coordinate this work and DNK taking responsibility for accommodating human needs and daily lives. By facilitating, DNK can show every human being that it is part of something bigger, has an equal value, and has responsibility for itself and others. As such, is both important and a necessity to keep churches open both for pilgrimage and on a general basis.

Keywords: The church of Norway, National Pilgrim Center, identity, pilgrimage, pilgrim trail, God as the creator, diakonia.

Føreord

To interessante, lærerike, strevsame, kjekke og inspirerende år med diakonistudium er over. Tida har vore innhaldsrik, og likevel gått fort. Ei stor takksemd fyller meg når eg tenkjer på kva eg har fått lov til å gjera. Både til menneske som står meg nær, men og til samfunnet, utdanningssystemet og Gud som legg til rette for at eg fekk lov og gjorde det mogleg.

Det siste halve året med masteroppgåveskriving har kravd plass, tid og rom. Oppgåva har pressa seg inn og skyvd vekk andre interesser. Samstundes trur eg nå at det har vore verdt det. Ei erfaring og ei oppleving som har gitt mykje.

Takk til familie som har støtta på alle vis! Vist tolmod og omsorg gjennom heile tida.

Takk til rettleiar Randi Synnøve Tjernæs som har respondert på frustrasjon og vankunna med gode råd, visdom og oppmuntrande smil!

Takk til Bente som vart ei prøvekanin i intervjusamanheng, ein klagemur, eit lyspunkt, teknisk hjelpar og ei som har heia meg fram frå dag ein!

Takk til Marit Sofie og Ingrid som har lese gjennom oppgåva før innlevering, og gitt tilbakemeldingar som har betra oppgåva!

Eg må og retta ein stor takk til fagkunnige og positive informantar! Intervjua og samtalane var til stor hjelp og motivasjon i arbeidet.

Eg håpar at oppgåva som nå ligg føre deg, vil gje eit interessant innblikk i pilegrimstematikken. Kanskje kan arbeidet mitt gje deg inspirasjon til å leggja ut på ei pilegrimsvandring, snusa på pilegrimen si historie og motiv, og ta deg tid til deg sjølv og di livsvandring.

Kjersti Hausberg Bjerga

Vikebygd, mai 2022

Innholdsliste

1	Innleiing.....	1
1.1	Problemstilling	2
1.2	Tidlegare forskning om pilegrimsledar, pilegrimsvandringar og aktørar	3
1.3	Bakgrunn	4
1.4	Ordforklaringar og definisjonar	5
2	Kontekst.....	6
2.1	Historia til pilegrimsledar og pilegrimsarbeidet.....	6
2.2	Pilegrimsledane	7
2.3	Pilegrimen.....	8
2.3.1	Generelt.....	8
2.3.2	Sju nøklar.....	8
2.3.3	Symbolikk	9
2.3.4	Pilegrimsmotivet	9
3	Teori.....	11
3.1	Diakoni i DNK.....	11
3.2	Læring gjennom erfaring.....	12
3.3	Identitet	13
3.4	Bilete av Gud som skapar	14
3.5	Å kjenna sin identitet som skapt av Gud under ei pilegrimsvandring	17
4	Metode	19
4.1	Fenomenologi.....	19
4.2	Kvalitativ forskingsmetode og intervju.....	20
4.2.1	Utval	21
4.3	Gjennomføring	23
4.3.1	Gjennomføring av intervju	23
4.3.2	Reliabilitet, validitet og overføringsverdi	24
5	Resultat.....	27
5.1	Bakgrunn.....	27
5.1.1	Stilling og arbeidsområde.....	27

5.1.2	Motivasjon.....	28
5.1.3	Oppgåver i arbeidet med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar.....	28
5.2	Organisering av pilegrimsarbeidet til DNK knytt til NPS	29
5.2.1	Rolla til DNK som aktør i NPS	29
5.2.2	Betydninga av DNK som aktør.....	30
5.2.3	Pilegrimsvandring og diakoni	30
5.2.4	Planlegging av pilegrimsledar og pilegrimsarbeid	31
5.2.5	Vektlegging av tryggleik slik at fokus kan vera stilla og oppleving	32
5.3	Innhald.....	34
5.3.1	Pilegrimsledar og skaparverket - tankar og erfaringar	34
5.3.2	Tilrettelegging som peikar på Gud	37
5.3.3	Forklaring av omgrep	38
5.3.4	Pilegrimsvandring som generelt identitetsskapande	38
5.3.5	Tilrettelegging for erfaring hjå vandraren som ein del av skaparverket	39
5.3.6	Opplevingar frå informantane om tematikken identitet, skaparverk, pilegrimsledar og pilegrimsvandringar	40
6	Drøfting	43
6.1	Bakgrunn og organisering.....	43
6.1.1	Bakgrunn og tverrfagleg samarbeid.....	44
6.1.2	DNK i samfunnet	46
6.1.3	Fellesskap og gruppe.....	48
6.1.4	Tryggleik.....	49
6.2	Innhald.....	51
6.2.1	Læring og erfaring.....	51
6.2.2	Bruk av hjelpemiddel.....	51
6.2.3	Skaparverket.....	52
6.2.4	Kjennskap til Gud på pilegrimsvandring.....	54
6.3	Sterke og svake sider ved oppgåva	56
7	Oppsummering.....	58
	Litteraturliste.....	61
	Vedlegg	65

1 Innleiing

Denne masteroppgåva i diakonistudiet er empirisk med fenomenologisk tilnærming. Tematikken er pilegrimsarbeid og særskild pilegrimsledar og pilegrimsvandringar. Problemstillinga vil synleggjera korleis Den norske kyrkja (DNK) arbeider med å ha eit diakonalt perspektiv og då ei vinkling innan sjelesorg i både dei organiserte vandringane dei arrangerer, og kva som møter pilegrimar langs leden. Arbeidet til Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS) som har ansvaret for dei offisielle pilegrimsledane, skal blant anna vera forankra i DNK (Nasjonalt Pilegrimssenter, 2019, s.12). Oppgåva har eit mål om å visa korleis det reflekterer innhaldet som møter pilegrimen på vandring, samstundes som ho er avgrensa til å ta for seg berre den delen som problemstillinga spør etter.

I frå starten av var pilegrimsvandring ei religiøs handling. Nå er satsinga prega av blant anna kultur og historie, og er breiare. Likevel er det fleire menneske som kjenner på noko åndeleg i ei pilegrimsvandring. Både i forskning og vitskaplege artiklar, og i populære media som vekemagasin, YouTube og podcastar er det forteljingar om menneske sine erfaringar og opplevingar av pilegrimsvandringar. Interesse er aukande. Statistikken frå NPS viser tal på denne auken (Jansson, 2022, s.9-10).

Innleiinga i denne masteroppgåva har med valt problemstilling, bakgrunn for val av oppgåve, tidlegare forskning, ordforklaringar og definisjonar. Deretter følgjer kapittel med kontekst, relevant teori, metode, resultat og drøfting. Oppgåva vert avslutta med ei oppsummering før litteraturlista. Vedlagt er samtykkeskjema og intervjuguide.

Det er nytta litteratur frå pensum på diakonistudiet, søk på Oria, nettsider til NPS og andre som arbeider med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar, og etter råd og tips frå menneske med erfaring om tematikken. Søk i Oria med nøkkelorda frå oppgåva, gav svar med artiklar og tidlegare avhandlingar som er skrivne om liknande tematikk. I litteraturlistene til desse, var det relevante oppføringar som vart søkt opp og brukt.

1.1 Problemstilling

Tittelen for denne oppgåva, er: Den norske kyrkja si diakonale rolle som aktør i pilegrimsarbeidet knytt til Nasjonalt Pilegrimssenter.

Ei kvalitativ undersøking om korleis Den norske kyrkja legg til rette i pilegrimsarbeid slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud.

I underkapittelet om bakgrunn, er det vist til kvifor DNK er ein aktør og kva oppgåver som er gjeve ho å ta vare på i denne samanhengen. Det er formulert slik at kyrkja sjølv kan arbeida med innhaldet i oppgåvene. Sidan mange menneske erfarer at dei både får ei indre og ei ytre oppleving og erfaring under ei pilegrimsvandring, kan det vera interessant å sjå nærare på korleis DNK kan bidra til at desse erfaringane vert tekne på alvor. Kvalitative undersøkingar kan auka forståinga og sjå nærare på utfordringar i samfunnet (Thagaard, 2018, s.49). Korleis kan DNK gje rom for og leggja til rette for at særskild den indre opplevinga kan verta styrka? Diakoni er ein sentral del arbeidet til DNK, og kjem tydeleg til syne gjennom vertskap og opne kyrkjer som teikn på ly og omsorg på pilegrimsledane.

Etter å ha avgrensa innan tematikken fleire gonger, har oppgåva fått denne problemstillinga: *Korleis kan DNK leggja til rette på pilegrimsledane organisert av NPS, slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud?*

For å få svar på og kome nærare problemstillinga, vart det formulert tre spørsmål:

- På kva måte kan DNK bidra til at menneske erfarer det åndelege positivt og kan finna ein identitet som er forankra i Gud som skapar, i naturen under vandring?
- Kva kan DNK gjera slik at menneske kan få eit gudsbilete gjennom pilegrimsvandring?
- Korleis kan DNK leggja til rette slik at menneske kan få kunnskap og erfaring om sin identitet som skapt av Gud?

Desse forskingsspørsmåla har danna utgangspunktet for formuleringa av intervju spørsmåla, og samtidig avgrensing av samtalanene under intervju.

1.2 Tidlegare forskning om pilegrimsledar, pilegrimsvandringar og aktørar

Både kommersielle og religiøse aktørar tilbyr vandringar med ulike tema. Det er forska mykje på kva det kan bety for menneske å vandra anten åleine eller i gruppe, på ein organisert og tilrettelagt tur eller ikkje. Helsegevinsten av ei slik vandring både fysisk og psykisk er heilt klart positiv (Løvoll & Torrissen, 2020). Det har og vore skrive om kva verdi og omfang pilegrimsvandringar kan ha for å ivareta kunnskap om kulturhistoriske hendingar og stader. Masteroppgåva av Niklas M. Pettersen (2012) *Pilegrimsdiskursen* inneheld mykje om historie og kva som ligg til grunn for pilegrimsarbeidet, pilegrimsledane og pilegrimsvandringane i Noreg. I kapittel to viser han til noko av forskinga som er gjort om tematikken. Han konkluderer med at det meste av forskinga har hatt utgangspunkt i kva menneske finn verdifullt ved å gå pilegrimsvandring. Forskinga har og konsentrert seg om korleis pilegrimen erfarer vandringa (N.M. Pettersen, 2012, s.13).

Tidskriftet *International Journal of Religious Tourism and Pilgrimage* (IJRTP) har ulike artiklar og forskingsrapportar som handlar om denne tematikken. Eit kvalitativt studium av pilegrimsvandrarar på St.Olavsleden, viser til at det å gå pilegrimsvandring har forskjellige aspekt i seg. Ei pilegrimsvandring gir ikkje berre frisk luft og mosjon, men kan bidra til relasjonell erfaring og utvikling på eit djupare nivå hjå vandrarane (Jørgensen et al., 2020, s.46). Mange tidlegare forskingsrapportar og artiklar, handlar om kva vandrarar sit att med av erfaringar, og kva følgjer pilegrimsvandringar og pilegrimsarbeid kan ha for dei som deltek både internasjonalt og nasjonalt. Eg har funne mindre forskning kring ideane, tankane og planane til dei ulike aktørane innanfor dette arbeidet i Noreg. Ein av aktørane er DNK. I dette arbeidet har DNK høve til å leggja til rette slik at menneske kan få ei åndeleg erfaring. I tillegg kan DNK bidra til at menneske kan få erfara kva det vil seia å vera skapt av Gud, høyra til eit skaparverk, og få ein ny og eller endra truspraksis. Eit av måla for denne oppgåva er at ho kan vera med å løfta fram denne sida av tematikken.

1.3 Bakgrunn

Pilegrimsvandringar og pilegrimar har lange tradisjonar, og i Noreg. Dette minka etter reformasjonen, men tok seg opp att på midten av 1900-talet. I starten var det lokale arrangement, og ansvaret for vandringane var i privat regi. I 1997 vart pilegrimsleden til Nidaros opna offisielt. I 2012 vart Nasjonalt Pilegrimssenter etablert.

Utgangspunktet DNK har som aktør i pilegrimsarbeidet til NPS, er at arbeidet skal vera forankra i kyrkja. I langtidsplanen er det vist til mål og tiltak der kyrkja har ansvar og er ein aktiv aktør (Nasjonalt Pilegrimssenter, 2019, s.24-25). Det er mykje pilegrimsarbeid som vert gjort både regionalt og lokalt. NPS er på eit nasjonalt nivå, og det er interessant at Noreg vel å ha kyrkja med som aktør i eit arbeid som er vedteke statleg. Andre land som til dømes Sverige, har ikkje dette samarbeidet. Gjennom NPS samarbeider næringsliv, frivillige organisasjonar og andre med kyrkja om å nå ut til folket. Denne oppgåva har med kontekst i eit eige kapittel. Der vil det stå meir om NPS, pilegrimsledar, og pilegrim. Det er gjort for å få ei større forståing for DNK si rolle inn i pilegrimsarbeidet i denne samanhengen, og for å gje ein innsikt i høve mellom det åndelege innhaldet som skal ha rom i dette arbeidet, og anna innhald som til dømes kulturhistorie, miljøaspektet og næringslivet si rolle.

Problemstillinga spør om korleis DNK legg til rette for at pilegrimsvandrarar kan få erfara sin identitet som skapt av Gud. Grunnen for dette fokuset heng saman med tidlegare forskning, og at omgrepet vert aktualisert i ulike forum. Det viser at menneske søker etter å finna samanhengar og seg sjølv. Eg har bakgrunn som pedagog, og er oppteken av å leggja til rette for at menneske skal kunne få opplevingar som gir læring og ny innsikt. Dette var nok medverkande til val av problemstilling.

1.4 Ordforklaringar og definisjonar

Mange ord og omgrep i denne oppgåva kan ha ulike forklaringar, forståingar og definisjonar. Her er ei kort oversikt på korleis dei er å forstå i det som er skriva her.

DNK er forkorting for Den norske kyrkja. Ho er ein av fire aktørar i NPS si pilegrimssatsing.

Kyrkja viser til verksemd i kyrkjeleg samanheng og kyrkjebygg i Noreg i frå før DNK vart danna. Det er og eit omgrep som samlar DNK, Den katolske kyrkje og andre kristne

trussamfunn. Under Resultat vil det og stå kyrkja då det munnleg er vanleg å om tala DNK som kyrkja.

NPS er forkorting for Nasjonalt Pilegrimssenter. Det er eit statleg oppretta senter som koordinerer pilegrimsledar, og ligg i Trondheim.

Diakonidefinisjonen som DNK har av diakoni i den reviderte planen for diakoni, ligg til grunn for kva som er meint med diakoni i denne oppgåva:

«Slik definerer Den norske kyrkja diakoni: — Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd» (Kyrkjerådet, 2020, s.4).

Pilegrimsledar er opparbeidde og merka stiar frå ein stad til ein annan. Pilegrimsledane er lagde i samanheng med kultur, religion og historie.

Pilegrimsvandring er vandringar langs pilegrimsledane. Nokre pilegrimsvandringar er organiserte av involverte aktørar eller firma som driv turisme. Det kan og vera vandringar som pilegrimen tek på eigen hand. Vandringa kan vera frå heim til kyrkje, eller ei vandring i nærmiljøet.

«Pilegrimsvandring er eit religiøst fenomen» skriv Hans-Erik Lindström i Pilegrimsliv (Lindström, 2007, s.7). Gjennom historia har det vore pilegrimsvandringar på tvers av kultur og religion i store deler av verda. Det finst til dømes i kristendom, jødedom, hinduisme og islam. I Noreg og i deler av den vestlege kulturen er pilegrimsvandring i dag økumenisk. Samstundes kan menneske uavhengig av kyrkjesamfunn og tru både vera pilegrimar og gå på pilegrimsvandringar (Lindström, 2007, s.7).

Identitet og Gud som skapar er omgrep som vil få større plass og ei djupare framlegging i teorikapittelet. Heilt kort tyder det at identitet kan vera lik personlegdomen ein har, og er det sjølv et ein kjenner at ein har. Ordet eller omgrepet kan og verta utvida til å ha med relasjonane sjølv et står i (Tetzchner, 2020). Gud som skapar er tett knytt til teologi. Det er ein grunnleggjande tanke i den kristne trua (Hegstad, 2015, s.36).

2 Kontekst

Det kan vera nyttig for å forstå samanhengene i resultat- og drøftingsdelen å vita noko meir om bakgrunnen for DNK som aktør i arbeidet med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar på nasjonalt nivå. Kjennskap til omgrep og bakgrunn for ord, kan gje ei betre forståing for det som ligg til grunn for pilegrimsarbeidet. Under Resultat er fleire av desse orda nytta. Informantane jobbar dagleg med pilegrimsarbeid og pilegrimsleda. Dei møter pilegrimar og språket vert prega.

2.1 Historia til pilegrimsledar og pilegrimsarbeidet

Etter fleire år med aukande interesse og stadig utvikling av pilegrimsledane gjennom 1980- og 1990-åra, arrangerte Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Riksantikvaren (Ra) ein konferanse om pilegrimsleden. I tida etterpå vart Pilegrimsleden eit eige prosjekt, og i sluttrapporten frå prosjektet kom det ei tilråding om at kyrkja burde verta meir tydeleg som aktør i arbeidet. I 2012 vart Nasjonalt pilegrimssenter (NPS) oppretta som ein organisasjon med tilsette og eit styre. Seinare same året vart ulike departement einig om ei statleg satsing på pilegrimsledane. Satsinga vart vedteken av regjeringa (Nasjonalt Pilegrimssenter, 2019, s.10-12).

Nå ligg ansvaret for den statlege pilegrimssatsinga hjå NPS. Arbeidet handlar fyrst og fremst om å fremja og ta hand om pilegrimssatsinga. På nettsida til Nidaros Domkirkes restaureringsarbeider (NDR), som er tett knytt til NPS, står det blant anna:

Satsingen har en klar kirkelig forankring, og arbeidet skal oppfylle målsettinger innenfor både kirke, kultur, næring og miljø. NPS skal bidra til en miljøvennlig og skånsom form for reisevirksomhet, og bidra til utvikling av næringsvirksomhet og et bærekraftig reiseliv langs Pilegrimsleden. (Nidarosdomen, u.å., Nasjonalt Pilegrimssenter)

I arbeidet til NPS er det mange aktørar involvert for å oppnå måla. DNK er ein av dei, og det står at det skal ho vera. I langtidsplanen for satsinga frå NPS (2019), *Veien fram mot 2037*,

står det om DNK si rolle som aktør. Det vert fleire stader vist til pilegrimstradisjonar og eit heilag perspektiv på vandringar. DNK har i oppgåve saman med ulike kristne trussamfunn blant anna Den katolske kyrkja, å få fram dette i pilegrimsledar. Dei skal leggja til rette slik at pilegrimsvandrarar kan kjenna at det her er rom for tru og åndelege opplevingar (Nasjonalt Pilegrimssenter, 2019, s.24-25).

2.2 Pilegrimsledane

I dag er det ni godkjente St. Olavsvegar. Dette er pilegrimsledar som fører til Nidarosdomen i Trondheim. Nidaros har alltid vore det viktigaste pilegrimsmålet i Norden på grunn av Olav den Heilage (M. Pettersen, 2020, s.7).

Pilegrimsledane vert koordinerte og godkjente av NPS. Alle desse vegane, eller pilegrimsledar som dei vert kalla, har vore viktige gjennom historia både i lokal og nasjonal samanheng. Dei går via kulturminne, heilage stader og langs gamle ferdselsårer.

Kystpilegrimsleia er ein av desse, og vart opna 8.juli i 2018 (M. Pettersen, 2020, s.8). I teksten vidare nå, vert kystpilegrimsleia brukt som eit døme, for å gje eit inntrykk av dette arbeidet. I tillegg startar denne leden i Stavanger bispedømme, som er eit av dei to bispedøma informantane i utvalet i denne oppgåva er henta i frå.

Kystpilegrimsleia er innom stader som historisk sett hadde nær tilknytning til reisande frå det som i dag er Storbritannia. Stadane var viktige både i vikingtida og ved handel i seinare tid. I tillegg var klosterverksemd via sjøvegen utbreidd i mange år. Kysten fekk mange viktige hamner og stader. Slik vart og den keltiske spiritualiteten nært og kjent for nordmenn (M. Pettersen, 2020, s.8). «Kelterne var opptatt av naturen og knyttet skaperverket nært sammen med det åndelige» (M. Pettersen, 2020, s.9). Sitatet vert knytt opp til pilegrimsvandring ved at natur og skaparverk saman med ei religiøs oppleving, er sentralt begge stader. Det neste sitatet forklarar noko meir om det som er viktig i arbeidet med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar: «Det blir sagt om pilegrimer i middelalderen at de hadde mistet minst en fordel og fått minst en ny tanke, idé eller forsett når det kom hjem» (M. Pettersen, 2020, s.9).

2.3 Pilegrimen

2.3.1 Generelt

Peregrinus er det latinske ordet som er utgangspunktet for ordet pilegrim. Det tyder framand eller utanlandsk. Det er sett saman av ledda per som tyder gjennom, og ager som tyder åker. Pilegrimen legg noko vekk, og søkjer noko anna (Haugen, 2019, s.377). Gjennom historia finst pilegrimar i mange ulike religionar. Pilegrimen har av religiøse grunnar valt å vandra mot eit heilagt mål tilhøyrande i religionen sin (Kværne, 2020). Etter kvart er ordet pilegrim teke i bruk i ei mykje vidare betydning. Eit menneske kan velja og kalla seg pilegrim, og leva meir eller mindre etter det som særpregar ein pilegrim. I dei neste underpunkta vert noko av dette forklart.

2.3.2 Sju nøklar

Pilegrimsvandring inneheld nokre stikkord som går att. Samstundes er dei stikkorda parallellar til vandringa i livet. Hans-Erik Lindström (2007) presenterer i boka *Pilegrimsliv sju nøklar* som er ord som skildrar pilegrimen. Desse orda kan hjelpa til å forstå pilegrimen. For pilegrimen ynskjer eit fokus på livet. Det må kan hende ei endring til. Orda er nøklar som kan opna opp for dette. Kvar nøkkel har ei skildring av situasjonen, eit symbol, noko av det pilegrimen ber med seg, og tekstar som til dømes bøn, bibelvers, og salme (Lindström, 2007, s. 41-42). Ved å prøva og forstå pilegrimen, kan tilrettelegginga verta tilpassa. Nøklane er og til hjelp for den som vil leggja ut på ei pilegrimsvandring. Av desse grunnane er nøklane tekne fram i fleire guidebøker og brosjyrar. I Margun Pettersen (2020) si bok *Kystpilegrimsleia* er desse skildra slik:

Langsomhet. Å bevege seg stille og rolig, i takt med hjerteslagene, gir bedre mulighet til å oppdage naturen, seg selv og Gud. **Frihet.** Vandring i eget tempo, fri som fuglen under himmelen, fri fra alt det materielle. **Enkelhet.** Ryggsekken må ikke veie for mye. Du bærer ikke mer enn du trenger. Dette er også en livsvisdom. **Bekymringsløshet.** Lev i nuet. Vær tilstede i alt du gjør. Carpe diem. Grip dagen. **Stillhet.** Den gode samtalen er alltid verdifull. Men stillhet gjør at naturens lyder oppdages – og at tanken får flyte

friere. Prøv det du også! **Fellesskap.** I løpet av en vandring viskes forskjeller ut. Vi blir alle medreisende. Og det kan bli naturlig å dele både erfaringer, nistemater og gnagsårplaster. **Spiritualitet.** Pilegrimsferdens mål er å gi hjelp til å fatte livets dybder, ane Guds storhet og få åndelig næring til den videre livsvandringen. (s.2)

2.3.3 Symbolikk

Ein pilegrimsvandrar ber med seg berre det som er naudsynt. Han har på seg berre det som er naudsynt. Men alt har ei meining og kan vera symbol på det ein kan møte på i livet elles og. Nokre av desse symbola er:

- **Vandrestaven.** Denne vert ofte kalla det tredje beinet til pilegrimen, og er ei støtte og eit våpen. Stiane kan gå i ulendt terreng, og historisk kunne ein møte på ulike rovdyr eller røvarar. Teologisk viser tretalet (tre bein) til den treeinige Gud, som vinn over det vonde.
- **Hatten.** Det å ha noko på hovudet, tek meir vare på det. Både vern for vêret, men og for det indre. Det vert og referert til Efesarane i *Bibelen*: «Ta frelsa til hjelm» (Ef 6,17, Bibel 2011).
- **Kamskjelet.** Dette symbolet er nesten overalt, og er det mest kjente i pilegrimssamanheng. Legenda fortel at det er knytt til St.Jacob, og viser til kjærleik .
- **Ryggsekken** eller veska. Det er ein liten sekk, for ein pilegrim har berre med seg det som er mest naudsynt. Mennesket skal kunne klara seg med lite, og øva seg opp til å gje og ta imot undervegs.
- **Kappa.** Ei enkel vid og noko sid jakke som tek av for det som møter, anten det er vêret eller anna. Ho viser til det enkle og til kjærleiken som bør prega pilegrimen. (Lindström, 2007, s.82-84).

2.3.4 Pilegrimsmotivet

Dette er eit tilbakevendande omgrep i arbeidet med å leggja til rette for pilegrimsledar og i pilegrimsarbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt. Ordet kjem frå det latinske peregrinatio, og handlar om kjenneteikn ved motivet for ein pilegrim. Kjenneteikna er å leggja ut på ei vandring både i det ytre eller det fysiske, og i det indre med tankar, seg sjølv og trua. Det

inneber å ha eit heilagt mål med vandringa, og lengta etter meining. Livet er ei vandring der pilegrimen leitar etter å finna sjølvet eller identitet, og finna svar som kan gje ro og avslutta uro. Samstundes vil han læra meir om og undra seg over Gud, relasjonar og fellesskap (Lindström, 2007, s.7-8). Motivet går igjen på ulike tidspunkt i vandringa. Når ein startar, er det ved eit oppbrot. På sjølve vandringa og er undervegs, er det gjennom prosessar. Det er i pausen på rastestaden når ein treng kvile, og i bøna når ein ynskjer å fortelja det viktigaste til nokon som lyttar. Under måltida kjenner ein at ein treng påfyll og fellesskap. Når ein møter menneske og andre skapningar, oppstår det relasjonar til Gud og menneske. Til slutt ved målet, når ein er til vegs ende, ser ein og igjen dette pilegrimsmotivet (Lindström, 2007, s.85-95).

3 Teori

Teorikapittelet er delt inn i fem underkapittel. Det fyrste vil sjå på diakoni i DNK. Sjølv om det ikkje er vitskapleg teori, er det teke med for å gje forståing av kva samanheng og plass diakoni har i DNK, og korleis det spelar inn i pilegrimsarbeidet. Det andre vil gå inn på læring gjennom erfaring. Dei to neste kapitla går nærare inn på kva som ligg i omgrepa identitet og bilete på Gud som skapar. Begge omgrepa er omfattande. For å kunne trekkja tråden frå problemstillinga inn i desse omgrepa, avgrensar kapitla seg til å vera noko generelle, og noko spesifikke inn i situasjonen som er under ei pilegrimsvandring. Det siste kapittelet har med omgrepa frå problemstillinga inn i denne samanhengen med funn frå forskingsbaserte artiklar og teoriar innan sjelesorg.

3.1 Diakoni i DNK

Historisk har diakonien vore tett knytt til teologien for å grunnje diakoni i kyrkja bibelsk. I nyare tid har utfordringar i samfunnet i lag med det teologiske grunnlaget i større grad utvikla og utforma diakonal praksis og definisjon. Forsking innan diakoni vil vera nyttig for å utvikla diakonal praksis vidare, slik at det kan oppnå at søkjelyset alltid er retta mot at menneske skal ha det godt. Omgrep som går att i litteratur og forskning i diakoni, er omsorg, rettferd og myndiggjering (Haugen, 2018, s.107-108).

I dag ynskjer DNK å vera diakonal i heile seg og i alt sitt arbeid. Samstundes er diakoni er eit eige arbeidsområde og ein eigen profesjon (Kirken, u.å., Hva er diakoni?).

Diakonidefinisjonen til DNK fortel at: «Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd» (Kyrkjerådet, 2020, s.4). Dette vart arbeidd fram etter det i 2008 vart det vedteke ny diakonidefinisjon av Kyrkjemøtet i DNK. Her vart og vern av skaparverket teke inn. Pilegrimstradisjonen og pilegrimsmotivet kan gje mykje visdom, råd og rettleiing for å arbeida med denne delen (Kyrkjerådet, 2020, s.14). Omgrepet berekraftig vart sett i samanheng med utvikling i samfunnet. Når det skjer forbetring av sosiale, økonomiske og miljømessige sider i samfunnet samstundes, vil det vera føresetnadar for at det kan skje berekraftig utvikling (Haugen, 2018, s.73). Dette krev tverrfagleg innsats og samarbeid.

I tillegg til vern av skaparverket, er nestekjærleik det omgrepet i definisjonen av diakoni som ligg nært til pilegrimstanken. DNK kan leggja til rette for opne kyrkjer og pilegrimsvandringar (Kyrkjerådet, 2020, s.12). I tillegg er sjelesorg ein stor del av diakonien. Ord som blant anna identitet, gudsbilete og fellesskap er sentrale både i sjelesorg og hjå pilegrimen.

Kyrkja er meir enn DNK, og diakonien skal vera økumenisk og internasjonal. Teologisk grunngjeving og samfunnsutfordringar dannar med andre ord ramma for mykje av den diakonale praksisen. Både innan diakoniforsking og diakonipraksis kan ein trekkja tråd til berekraftsmåla til Dei sameinte nasjonane (FN). Desse 17 måla viser til viktige område i samfunnet lokalt, nasjonalt og globalt for å få ei berekraftig utvikling (FN-sambandet, 2022, FNs berekraftsmål). I 2018 gav DNK ilag med fem andre kristne organisasjonar, ut boka *Bærekraftsmåla*. I boka er måla knytt saman med korleis DNK kan ta del og ansvar i arbeidet samstundes som dei har ei teologisk grunngjeving (Almås & Skaland, 2018, s.7). I *Plan for diakoni* er situasjonar og utfordringar i samfunnet skildra med forslag til blant anna ulike diakonale praksisar der det og er vist til *Bibelen*, og korleis Jesus gjorde det. Både i boka og i planen som er nemnt her, er metoden «se – bedømme – handle» blitt brukt for å koma nærare utfordringar i samfunnet (Almås & Skaland, 2018, s.7; Kyrkjerådet, 2020, s. 9).

3.2 Læring gjennom erfaring

Identiteten handlar om kva som er medfødt, og ytre påverknadar i livet. Erfaringane mennesket får vil derfor påverka sjølvet og såleis identiteten. I ein artikkel i *New Directions for adult and continuing* trekk Eric Howden (2012) fram dette med læring gjennom fysisk bruk av kroppen. Ved å vera fysisk involvert i aktiviteten ein skal lære noko om, vil det bli meir meningsfullt og personleg. Han refererer til det gamle kinesiske visdomsordet: «What I hear I forgot, what I see I remember, what I do I understand» (Howden, 2012, s.43). Det er lettare å oppnå og overføre kunnskap ved å la kroppen ta del i læringa fysisk.

Henriksen og Aarflot (2013) set dette i samanheng med identitet og trua på Gud i artikkelen *Tro og identitet - under erfaringens trykk*:

Gud vil ha med hele vårt liv å gjøre - ikke bare det som «passer inn». Å hjelpe mennesker å leve med hele seg, er derfor en teologisk oppgave – fordi det i sin tur

også hjelper dem til å la Gud være Gud i hele livet, og la dem vokse slik at de også kan være Guds bilde i andres liv. (s.184)

Sitatet kan gje forståing av kor viktig det er å vera medviten på denne samanhengen.

Å læra gjennom å erfara er og kjent frå pedagogen og filosofen John Dewey. I følgje Dewey var det viktig at det elevane hadde med seg av erfaring, fekk koma fram og danna utgangspunktet for læringa. Kombinasjonar av teori og praksis var ein god metode for å tileigna seg kunnskap og få til utvikling. Dei unge vil i deira søk etter svar eller læring, leita i det konkrete. Det gjer seg utslag i aktivitet og praksis. Viss alt er basert på teori med ferdige svar, ville det aldri vera naudsynt med spørsmål (Dewey, 1938/1963, s.19-20). Vidare er det klart at ei oppleving alltid er ei overføring som skjer mellom eit menneske og der det er. Det kan vera mellom mennesket og ulik tematikk, eller i relasjon til andre menneske (Dewey, 1938/1963, s.43).

3.3 Identitet

Forteljinga om seg sjølv er viktig for å kunne verta betre kjent med kven ein er. Alt livet byr på av gleder, utfordringar og sorger påverkar oss. Forståinga av oss sjølve og identiteten vår er viktige i møte med livet. Livet er ikkje berre oss sjølve, men eit kvart menneske står i relasjon til andre menneske og alt anna som er rundt oss. Det å ta seg tid til å tenkja og reflektera over dette, gjer det mogleg å betre forstå seg sjølv og andre (Giske & Cone, 2019, s. 43-45).

Heinz Kohut har gjennom sine teoriar om sjølvet innan psykologien, vist til korleis ulike sider som ein møter på i livet vil påverka sjølvet. Sjølvet er det indre i oss menneske, og vil spegla den identiteten menneske har. Kohut snakkar om kjernen i personlegdomen i mennesket, og at sjølvet er eit resultat av tre delar. Den eine delen handlar om eit grunnleggjande strev etter å verta vellykka med tanke på makt og suksess. Ein del fokuserer på idealet og kva mål ein har i livet. Den tredje delen er eit mellomområde av medfødde evner som vert aktivert av handlingar og møter i livet. Dette skjer fyrst og fremst i barndommen. På eit eller anna stadium eller tidspunkt i oppveksten, kan desse interaksjonane verta øydelagde. Dette vil påverka sjølvet, og gjera at identiteten ein meiner at ein har, vil ha ein avstand til det ideelle.

Slik vil ein særleg som vaksen, alltid arbeida mot å oppnå noko anna for å skapa ein indre ro (Kohut & Ornstein, 2011, s.362).

Marie Farstad skriv at identitet oppstår i interaksjonen mellom identifisering og identifikasjon. Andre kan oppfatta eit menneske annleis enn kva det gjer sjølv. Relasjonane påverkar identiteten i seg sjølv, samstundes som dei involverte i relasjonane har meiningar og oppfatningar av kvarandre. Dette kan føra til eit usikkert handlingsmønster, og endring av både sjølv og åtferda (Farstad, 2013, s.192).

Torborg Aalen Leenderts (2018) skriv i boka *I møte med lidelsen – finnes det en kjærlig Gud?* om bilete på Gud, og korleis det kan verka inn på menneske. Bilete ein har av Gud er avgjerande for korleis ein ser på seg sjølv og kva identitet ein kjenner ein har. Biletet av ein god Gud i møte med brotne relasjonar, liding og anna vondt kan gje uro hjå menneske. I eit kvart menneske ligg det ein djup lengt etter å kjenna seg elska (Leenderts, 2018, s.140). Det kan vera vanskeleg å forstå at Gud har skapt alt, og elsker alt og alle Han har skapt, når ein vert konfrontert med det vonde.

Ved å finna ut meir om seg sjølv og kunne få utvikla sin eigen identitet, kan ein starta ved å definera kven ein sjølv er. Å definera seg sjølv handlar om å stadfesta sjølv ved å setja grenser for kven ein er og ikkje er i høve til dei rundt. Grensesetjing er viktig for å kunne gå djupare inn i tankane om identitet. Det er og grenser i menneskelege relasjonar (Falk, 2016, s.30). Teorien om grensesetjing kan gje hjelp til å forstå rolla som menneske, jamfør kven Gud er og skaparverket si rolle. Når ein er ute i naturen, kan ein fort kjenna på grenser. Det handlar om fysiske og mentale grenser for kva ein sjølv er i stand til. Her kan ein tenkja det ytre og det indre i mennesket. I tillegg vil det vera naturlege grenser i møte med geografi som i stup, elvar, fjell, ugjennomtrengjeleg kratt og skog, og liknande.

3.4 Bilete av Gud som skapar

Uttrykket *Identitet som skapt av Gud*, inneber eit bilete av Gud som skapar. Når det handlar om gudsbilete, er det i denne samanheng ikkje eit synleg bilete som ein kan teikna, mala eller sjå med augo, men eit bilete for det indre i menneske som ei forklaring og ei forståing av kven Gud er (Wigen, 1993, s.187). *Bibelen* fortel at Gud har skapt verda (1.Mos 1-2), og

gjennom Jesus fortset Gud som skapar. Den Heilage Ande er nær i skapinga ved å gje liv til det skapte. Dette viser trua på den treeinige Gud som skapar. Både i den apostoliske og den nikenske truedkjenninga kjem og dette fram (Mæland & Berg, 1985, s.15-18). Luther forklarar dette djupare i Luthers store katekisme i forklaringa til fyrste artikkel i den apostoliske truedkjenninga (Luther, 1523/1980, s.344).

Harald Hegstad (2015) tek fram ulike sider ved Gud som skapar i boka *Gud, verden og håpet*. I ei kristen tru er det sentralt at Gud skapar (Hegstad, 2015, s.97). I naturen og la oss bruke ordet skaparverket, kan menneske erfara Gud som skapar. Men Gud er ikkje ein del av skaparverket slik til dømes menneske, dyr, planter og landskap er det. Det er heller ikkje gitt at mennesket kan sjå og vita at Gud står bak opplevingane det får i skaparverket. Dette handlar i teologien om at Gud er transcendens. Omgrepet transcendens er blitt forklart som den ståstaden Gud har i høve til fatteevna hjå menneska (Wigen, 1993, s.193). Gud kan koma til menneske og visa seg gjennom eit nærvær. Men mennesket vil aldri få ei full forståing og kjennskap til Gud (Hegstad, 2015, s.38).

Les ein forsking på og artiklar om pilegrimsvandringar til dømes hjå IJRTF, finn ein likevel ut at mange pilegrimar kjenner ei åndeleg tilnærming medan dei vandrar. I ei kristen tru vil det vera nærliggande å kjenna på at det i skaparverket er mykje stort og flott. Samstundes er der små detaljar og samanhengar som er for kompliserte til å kopiera for menneska, men som viser at noko må stå bak. Dette kan alle menneske uavhengig av livssyn og tru erfara. I ei kristen tru vil det likevel vera vitne på og erkjenningar på Gud som skapar og Gud si makt (Hegstad, 2015, s.39).

I *Bibelen* står det at i opphavet skapte Gud menneske av jord (1.Mos). Dette som ein del av skaparverket. Samstundes har menneske fått eit særskild ansvar for å ta vare på og forvalta skaparverket. I dette ligg det at menneske er skapt i Gud sitt bilete, slik Han ville det (1.Mos 9,6). Dette betyr at mennesket har uendeleg verdi og ein likeverdi. Alle menneske er i frå opphavet i same relasjon til Gud. DNK og skal formidla, og verna om dette bodskapet. Historia har vist at både dei som er kristne og dei med eit anna livssyn, ulike kyrkjesamfunn og statsmakter har gått vekk frå dette. Dei har gjort urett ved å definera nokre menneske som mindre verdt (Hegstad, 2015, s.112).

I tillegg vil dei fleste kristne ha ei forståing og eit bilete av kven Gud er når omgrepet «Gud er kjærleik» vert brukt. Omgrepet gjer det lettare for menneske å forstå. Likevel er det ein guddommeleg kjærleik, og ikkje ein menneskeleg kjærleik. I Det nye testamentet er det greske ordet *agape* brukt. Ein kjærleik som ikkje søker sitt eige (1.Kor 13,5). Gud er kjærleik er noko anna enn at menneske viser kjærleik. Slik kan menneske søkja etter å likna Gud og slik han er kjærleik (Hegstad, 2015, s.89-91).

Eit uttrykk for at Gud vil alt godt, kan ein sjå i det doble kjærleiksbodet (Matt 22,37-39). Synd vil vera det som bryt og øydelegg relasjonen til menneske og til Gud, og det er det menneske som forårsakar (Hegstad, 2015, s.120).

Gud har skapt og skapar betyr at Han har makt. Bilete av ein mektig Gud, ein allmektig Gud, kan ha to uttrykk. Leenderts viser til Wigen si forklaring på dette (Leenderts, 2018, s.37-39). Slik startar han med å stilla spørsmål ved makta til Gud: «Spørsmålet som blir tilbake er hvordan Gud bruker sin makt, altså hva for *kvalitet* hans makt *har*, ikke hva for *omfang* den *kan* ha» (Wigen, 1993, s.245). Av dette kjem dei to uttrykka «total makt og fullkommen makt» (Wigen, 1993, s.247). Korleis bruker Gud den makta Han har? I dette forklarar Wigen at om ein skal kunne trekkja fram ein kvalitet i fullkomen makt, må det vera i kjærleiken Gud er. Her viser han vidare til at dette heng saman med Jesus (Wigen, 1993, s.147). Denne forklaringa går djupare, men denne masteroppgåva med sine avgrensingar, kan ikkje ta med noko meir om dette høvet.

Total makt vil seia at Gud styrer absolutt. I det ligg og at alt som skjer, er i Gud sin vilje og vit. Dette kan fort føre til at det vert stilt spørsmål med vonde og for menneske uforståelege hendingar og situasjonar. Viss Gud er kjærleik og vil godt, kvifor skjer då dette? (Leenderts, 2018, s.38). Fullkomen makt handlar derimot om at Gud er kjærleik, og det viser seg for menneske der dei er og lever. Kjærleiken og omsorga Gud har for alt og alle som Han har skapt, vert ikkje pressa på nokon, men er i fridomen som er gitt. Allmakta er tilgjengeleg i det nære ved kjærleik og ikkje ved styrte hendingar og kontroll (Leenderts, 2018, s.39).

3.5 Å kjenna sin identitet som skapt av Gud under ei pilegrimsvandring

I uttrykket identitet som skapt av Gud, ligg det under at det må vera ein relasjon mellom menneske og Gud. Mennesket vil og ha relasjonar til alt det andre som er skapt. Gjennom desse relasjonane skjer det påverknadar og utvikling. Slik kan kvart einaste menneske verta seg med sitt særpreg. Ved å tru på Gud som skapar, vil mennesket tolka sanseintrykka og erfaringane det gjer i lys av både Gud sitt syn på verda, og sitt eige syn utifrå sine eigne opplevingar (Engedal, 2013, s.40-41). For at andre skal få kjennskap til Gud, og få ei tru på at Gud har skapt dei, er det ikkje ord som er det viktigaste. Å erfara Gud skjer og i møte med andre menneske som trur. Livet deira, handlingar og veremåte, vil vera avgjerande for om eit menneske får eit blick på kven Gud er. Sitatet vidare i teksten seier noko om kor viktig det er at likeverd og den verdien menneske har hjå Gud i frå opphavet av, får prega samfunnet. «Gud som skaper erfares der mennesker kan få lov å oppleve at de ikke må skape seg selv ved å tilpasse seg andres forventninger og krav, men skapt i Guds bilde og derfor anerkjent og akseptert av Gud» (Henriksen & Aarflot, 2013, s.184).

Dette kan vera krevjande. Ofte ber ein med seg meir enn berre sitt eige. Mykje skam og skuld kan vera påført av andre. Det er eigentleg ikkje vårt eige, men det fører til ei endring av identiteten vår og kven me kjenner at me er (Farstad, 2013, s.192). Dette vart forklart meir i underkapittelet om identitet. Historia vår er tett relatert til andre.

I arbeidet med seg sjølv for å koma vidare i ein slik situasjon, peikar Leenderts på forsoning. Årsakene til trongen for forsoning ligg fortida. Hendingar i livet har ført til så store vanskar for ein sjølv at ein ynskjer endring. Ingen kan endra på det som har skjedd, men ein kan endra på korleis ein relaterer seg til hendinga og handterer denne i livet som er nå (Leenderts, 2018, s.183). Ofte kan ein indre uro føra til at ein kjenner seg sliten. Negativ ytre omstende kan forsterka uroa. Forsoning er ein prosess som kan føra til større indre ro. Her er det parallellar til pilegrimsvandring. Ein legg ut på ei vandring der ein ynskjer å få avstand til kvardagen, og få tid og rom til det indre. Ein forsoningsprosess er starten på eit arbeid der ein skal leggja noko bak seg og sjå framover. Anten ein er på ei pilegrimsvandring eller er i

ein forsoningsprosess, handlar det om å ta med berre det som er naudsynt, gå inn i noko ein ikkje veit så mykje om på førehand og ha eit mål (Leenderts, 2018, s.201).

Ei pilegrimsvandring kan gje eit avstandsperspektiv til narrativet. Slik kan vandringa bidra til endring. Eit utgangspunkt for ei pilegrimsvandring, er at ein kjem med alt ein har og er, legg av seg mykje av det ytre, og tek med seg berre det som er naudsynt. Det indre i ein, vil ein måtte bera med seg. Som pilegrim kan du likevel ikkje måtte forhalda deg til alt heile tida. I fellesskapet er alle likestilte og likeverdige.

Det å knyta saman identitet, bilete av Gud som skapar, og ei pilegrimsvandring vil vera å sjå seg sjølv i relasjon til Gud og til ein valt situasjon. Tidlegare i oppgåva er det skrive om korleis pilegrimen historisk sett hadde eit religiøst motiv i pilegrimsvandringane, og korleis ein i moderne tid kan finna eit søk etter åndeleg erfaring gjennom ei pilegrimsvandring.

I kristen tru er det nært å søkja *Bibelen* etter svar og kunnskap. *Bibelen* skriv ikkje så mykje om pilegrim, men mykje om vandring. Fleire bibelvers handlar om å vandra med Gud. I artikkelen *Pilegrim og forvandlende disippelskap* trekk Knut Hallen (2020) fram parallellar med å vera pilegrim og læresvein, å gå pilegrimsvandring og å vera på ei livsvandring. Gjennom å ha augo og øyra retta mot Gud vil det prega eit liv i retninga Gud ville (Hallen, 2020, s.186). Denne erfaringa kan i mange tilfelle koma lettare ved å bruka få ord enn mange og lange forklaringar. Når ein er ute på vandring, vil den fysiske aktiviteten føra til at ein snevrar inn ytre påverknad. Slik kan ro og indre tankar få større plass. Her kan det og verta rom for det Gud vil gje oss. Såleis formar Gud oss. Det er individuelt og personleg, men samstundes er menneske sett i relasjon til Gud og til omverda.

På vandringa vil ein møte på både situasjonar og andre menneske. Desse møta kan utfordra til å visa kven ein er, kva ein kan, og gje vidare det ein sjølv har med seg. Møta gir og ei opning for å peika på Gud, og gje vidare budskapet frå *Bibelen* (Hallen, 2020, s.186-187). Slik kan dette og vera med å gjera menneska meir medvitne på ansvaret for å ta vare på skaparverket både lokalt og globalt. Å leggja til rette for at menneske kan få erfara identiteten sin som skapt av Gud under ei pilegrimsvandring, kan vera med på å utvida synet på ei kristen tru. Menneske vandrar åleine og samstundes i lag med andre både gjennom ei pilegrimsvandring og i livet elles. Då kan ein vera til støtte og hjelp for kvarandre (Hallen, 2020, s.192).

4 Metode

Denne oppgåva er tenkt å spegla kunnskapen og erfaringane dei som arbeider med pilegrimsvandringar og pilegrimsledar har, med tanke på det diakonale perspektivet. For å oppnå dette, er det valt å ha ei fenomenologisk tilnærming. Med kvalitative semistrukturerte intervju var intensjonen å gå inn på ulike sider ved tematikken. Måla var å få svar på korleis DNK sine planar og praksis tenkjer om identitet og Gud som skapar, og korleis NPS og regionale pilegrimssenter ser på dette.

4.1 Fenomenologi

Fenomenologi er ei retning innan filosofien som er oppteken av kva menneske erfarer i verda, og korleis det viser seg. Filosofen Edmund Husserl vert kalla grunnleggaren av fenomenologien, og tilnærminga i denne oppgåva vil ha bakgrunn i det han la fram. Sjølve ordet fenomenologi kjem av gresk. Det er sett saman av ordet phainomenom som kan bety observasjon av fakta, og ordet logos som betyr lære (Thomassen, 2006, s.82). Etter få funn ved søk i litteratur på forskning innan vinklinga av tematikken i problemstillinga, vart ei fenomenologisk tilnærming viktig for å gje truverd i arbeidet. Det var viktig å gje mest mogleg rom for informantane sitt syn og bilete.

Fenomenologi handla i starten om oppleving og medvit i det som skjer. Etter kvart vart det utvida til å innehalda kva livet byr på. Både kroppen og handlingar hjå menneske vart viktig. I kvalitativ forskning med ei fenomenologisk tilnærming er det viktig og interessant å forstå det som skjer, med bakgrunn i opplevingar og erfaringar hjå menneske (Kvale & Brinkmann, 2019, s.45). I fenomenologiske undersøkingar vert det retta merksemd til verda slik ho vert opplevd konkret, og erfart frå eit subjektsperspektiv (Thomassen, 2006, s.83). Informantane i utvalet i arbeidet mitt, gav både døme og tankar på tematikken slik dei hadde erfart og opplevd det.

Det er viktig å få tak i kunnskapen til dei som sit med kunnskapen, og ikkje la det gå gjennom fleire ledd. Fyrstehandsinformasjon er ein føresetnad for vitskapleg forskning. Personleg forståing og innsikt kjem fram ved ein fenomenologisk refleksjon. Med ei fenomenologisk

tilnærming i ei empirisk forskning, er det ikkje eit mål å finna heilt ny kunnskap eller ukjende fakta, men å avdekka og forstå det som allereie er (Zahavi, 2014, s.193-194). Resultat lengre nede i oppgåva viser funn i frå dei kvalitative intervju med tilsette som arbeider direkte med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar. Der kjem erfaring, kunnskap og innsikt der dette er gjeldande, fram av det informantane sa.

4.2 Kvalitativ forskingsmetode og intervju

Det er nytta kvalitative intervju som forskingsmetode. Ved å nytta kvalitative semistrukturerte intervju med dei som arbeider med pilegrimsarbeid, var det eit mål å få variasjon og breidde som kan gje mest mogleg utfyllande informasjon (Thomassen, 2006, s.84). Denne informasjonen vil danna grunnlaget for eit svar på problemstillinga, og om mogleg bidra til større kjennskap i arbeidet. Gjennom intervju og samtale med informantane er det eit ynskje å forstå verda slik dei ser det (Kvale & Brinkmann, 2019, s.22). I denne oppgåva handlar det om å forstå korleis dei tilsette i eit pilegrimsarbeid ser på det diakonale i pilegrimsvandringane. Erfaringar og kunnskap frå informantane om tematikken kan opna opp forståing, innsikt og forklaringar til kvifor menneske på pilegrimsvandringar får dei opplevingane dei får.

Intervjuet vart sett opp semistrukturert slik at hovudspørsmål vart stilt, og så følgt opp med utfyllande spørsmål for å få fram viktige bidrag for å svara på problemstillinga. Spørsmåla i intervjuguiden hadde som mål å henta mening og kunnskap informantane har, sett frå deira perspektiv på tematikken.

I ein intervjusituasjon kan det vera nyttig å ta lydopptak. Slik vil ein kunne sjå nærare på alt som vart sagt, og leggja merke til pausar, småord og anna som ein kan ta med seg i forståinga av intervjuet. Videopptak gir fleire inntrykk i tillegg til informasjon, og berre å skriva notat utan noko form for opptak gir færre (Kvale & Brinkmann, 2019, s.205-206). I arbeidet med denne oppgåva vart det valt å berre skriva notat. Grunngeving for dette valet vert gitt seinare i underkapittelet om gjennomføring. I ein intervjusituasjon er det viktig å vera medviten på seg sjølv, si eiga interesse for tematikken, kjensler både for innhald og informantar, og i tillegg grunnane for å gjennomføra nett denne typen intervju (Fog, 2019, s.39-41). For å få meir kjennskap til og erfaringar med desse faktorane, vart det gjennomført

eit prøveintervju med ein ikkje-informant. Jette Fog (2019) tilrår dette i boka *Med samtalen som utgangspunkt*. I tillegg er der konkrete råd om korleis den som intervjuar kan førebu seg (Fog, 2019, s.41-42). Desse råda og prøveintervjuet gav kunnskap og tilbakemeldingar om teknikk og metode. Som intervjuar vart det tryggare under gjennomføringane av dei komande reelle intervju.

Kvalitativt forskingsintervju har som mål å få tak i all erfaring og tankar informantane sit med. Intervjuaren bør gjera seg nytte av sansane for å forstå betre det informantane bidrar med gjennom ord (Fog, 2019, s.57). Å kunne høyra og sjå meir enn berre ord og omgrep slik som til dømes entusiasme eller poeng i ein samanheng er viktig for å gje auka forståing av informasjonen. Intervjuaren må samstundes vera medviten med å ikkje «sjå» eller «høyra» for mykje og såleis leggja til noko som informanten ikkje har kome med (Fog, 2019, s.58-61). I eit eige kapittel tek Fog opp innhaldet i intervjuprosessen gjennom ord som kontakt, involvering, overføring, motoverføring, kroppsspråk, blick og kjensler. Desse orda er relevante for resultatet av eit intervju (Fog, 2019, s.88-102).

4.2.1 Utval

Denne oppgåva er eit kvalitativt studium. Dette inneber eit avgrensa tal på informantar (Thagaard, 2018, s.54).

Målet med å nytta kvalitativ semistrukturert intervju er å få brei og variert informasjon om tematikken. Derfor vil det vera fornuftig å velja eit utval strategisk (Johannessen et al., 2010, s.106). Eit utval er gruppa av informantar som er meint å kunne gje svar på det studiet skal undersøkjja. Informantane vert valde ut systematisk på førehand ut frå kunnskap og erfaringsgrunnlag relatert til problemstillinga for studiet (Thagaard, 2018, s.54). Det er ikkje ei øvre grense for kor mange ein bør intervju, men i dette studiet som er tidsavgrensa og ikkje har økonomi, vil 5-8 informantar vera dekkande. Ikkje alle informantane vil ha lik status. Nokre har ei meir sentral rolle i innhaldet i arbeidet, enn andre som frå si side kan koma med informasjon som er meir generell (Johannessen et al., 2010, s.103-104). Dette var i samsvar med arbeidet mitt, og vart då naturleg å ta i bruk.

I arbeidet med denne oppgåva vart det difor valt ei strategisk utveljing som er kriteriebasert. Dette innebar at informantar vart valde utifrå kriterium som kunne gje best mogleg

informasjon, basert på problemstillinga. Informantane er tett på pilegrimsarbeid som ligg til grunn for studiet. Dei kunne forhåpentlegvis gje utfyllande informasjon som igjen kunne gje eit godt bilete og danna grunnlaget for svar på problemstillinga.

Kriteria for utvalet var at dei er tilsett for å arbeida med pilegrimsarbeid. Avgrensing av utvalet var at dei høyrde heime i Stavanger Bispedømme, Nidaros Bispedømme og NPS sitt arbeid inkludert ein informant frå eit regionalt pilegrimssenter då desse arbeider tett med kvarandre. Grunngevinga for desse tre områda, var for å utdjupa tematikken i nokre geografiske område og ikkje sjå på heile Noreg. I tillegg er Stavanger Bispedømme nært, og Nidaros Bispedømme og NPS har hovudsete i Trondheim som har vore det viktigaste pilegrimsmålet i historia i Noreg. Nokre av stillingane var meir administrative enn andre. Nokre av dei var delte mellom administrativt og praktisk arbeid. Utvalet var sett saman av to kvinner og fire menn. Det vart gjort ei vurdering på at ubalansen i kjønn ikkje var avgjerande faktor i informasjonen frå intervju spørsmåla. Viktigare var det at det var tre informantar frå Stavanger Bispedømme, og tre informantar med tilknytning til Nidaros Bispedømme og NPS. Slik vart det ei geografisk jamn fordeling. Informasjonen kunne gje svar på om det vart arbeid ulikt i dei ulike områda med tanke på blant anna geografi, kultur og historie. Det er avgrensa kor mange informantar som kan vera med i dette utvalet, jamfør kriteria. Universet er lite, og dei personane som kan mest om tematikken, er sentrale. Derfor vart det henta informantar med ulike utdanningar, stillingar og storleikar på stillingane.

For å ivareta anonymisering, vil ikkje konkret stillingstittel stå nokon stad i denne oppgåva. Alle informantane har høgare utdanning, interesserte i arbeidet og positive til forskning om tematikken. Dette gav inspirerende intervju. Ei ulempe kan vera lite kritisk informasjon i svara. Ei anna kan vera at dei er vande med å samtala om faget sitt, og har førebudd seg på å fremja eit eller fleire synspunkt som er særst viktige for dei å få fram (Kvale & Brinkmann, 2019, s.176). Dette kan ha ført til at ikkje alle sider ved kunnskapen og erfaringane hjå informantane kom fram. Det vart og nokre gonger viktig å venda tilbake til konkrete spørsmål i intervjuguiden for å fokusera på problemstillinga for denne oppgåva.

4.3 Gjennomføring

Å forska på fenomen og gjera kvalitative intervju utan å tenkja kontekst, kan vera svært vanskeleg om ikkje umogleg. Det vert hevda at å studera og forstå fenomen berre kan skje kontekststelt. Fenomena i seg sjølv er kontekstuelle, og i tillegg skjer intervjua i ein eigen kontekst (Kvale & Brinkmann, 2019, s.114). Dette vert teke med inn i transkriberinga av intervjua og drøftinga av funn opp mot teori. Alle informantane har ei stilling innanfor pilegrimsarbeidet. Pilegrimsvandring skjer i ein kontekst. Meininga i konteksten er avgjerande for forskinga. Slik sett er det viktig og kunne skilja kva som er av betydning og ikkje, i konteksten for den konkrete forskinga.

4.3.1 Gjennomføring av intervju

All forskning krev gjennomtenkte og ryddige prosessar. Det er viktig at etiske retningslinjer vert følgde, og at der er kvalitet i forskinga som gjer ho troverdig.

Før intervjua starta, vart det sendt inn skjema til Norsk Senter for Forskningsdata (NSD), slik at dei kunne godkjenne det som etisk rett gjennomføring av oppgåva. Internettsida til DNK og NPS vart nytta for å få tak i kontaktinformasjon til dei som var aktuelle for intervju. Etter å ha fått kontakt med informantane gjennom telefon, og fått avtalt tid og metode, vart intervjua gjennomførte. Nokre av intervju spørsmåla vart stilte nett slik dei stod i guiden, andre vart tilpassa etter korleis samtalen og intervjuet utvikla seg. Det vart oppdaga at det var andre spørsmål til oppfylging som kunne gje eit meir utfyllande svar på det spørsmålet i utgangspunktet spurde etter. Dette er i tråd med den semistrukturerte metode i kvalitativ forskning.

Det vart gjennomført eit prøveintervju før dei reelle forskingsintervju. Informanten var eit menneske som kjenner meg, og har kunnskap om intervju som metode. I dette intervjuet vart det nytta lydopptakar. Slik kunne eg både undervegs og i ettertid observera både meg sjølv i rolla som intervjuar, og i samspelet med informanten. Det var nyttig tilbakemelding på at spørsmåla fungerte, og at notata som vart skrivne undervegs inneheldt den same informasjonen som vart sagt. I søknaden til NSD var ikkje det å nytta lydopptakar for dei reelle intervju med. Dette var eit medvite val på grunn av at det i fyrste omgang ville gje

meirarbeid, og at det kunne påverka intervjusituasjonen negativt. Gjennom prøveintervjuet vart det stadfesta at det vart eit rett bilete og innhald av informasjonen som informantane gav, utan å nytta lydopptakar. Dette gjorde arbeidet med intervjua enklare i ettertid.

Samstundes var eg som intervjuar roleg og avslappa under intervjua. Nokre av informantane gav uttrykk for at dette var positivt, og dei kjende seg og meir avslappa i intervjusituasjonen. Det vart av og til naturlege tenkepausar for informantane medan informasjonen vart skriven ned. I nokre tilfelle fekk informantane då tid til å koma med tilleggsinformasjon, og formulera det dei hadde sagt slik at meininga deira kom betre fram. Nokre gonger ved sitat og parafresing vart det spurt om igjen for å sikra at oppfatninga var rett. Dette var godt motteke. Ved hjelp av gjensidige oppsummeringar vart det og sikra at det som vart notert var i samsvar med det som var sagt. Ein av informantane spurde om han kunne gjera lydopptak, men hadde forståing og var positiv til forklaringa om at det ikkje var søkt om lydopptak til NSD.

Det vart gjennomført seks intervju ved hjelp av Zoom. Grunngeving for bruk av zoom i denne oppgåva var effektivitet, ynskje frå fleire av informantane, smittevernomsyn i samband med pågåande Covid-pandemi, og økonomi. Det finst argument for og i mot bruk av eit digitalt verktøy som zoom, i intervjuprosessen. I arbeidet mitt var det til hjelp for å fokusera på tematikken og innhaldet i det som vart sagt, og måten det vart sagt på.

Samstundes var der og ein avstand som kunne gjera det vanskeleg å fanga opp ulike signal frå informantane. Ein del overføring og motoverføring kunne nok vera enklare å unngå ved bruk av zoom. Sidan det var ein sakleg og fagleg tematikk i intervjusituasjonen, vart ikkje kjensler vektlagt. Informantane var profesjonelle. Dei bidrog med kunnskap, fagleg forståing, og erfaring utifrå yrkesrolla deira. Alle informantane som vart spurde, var positive til å delta. Intervjuet var førespegla å ta ein time, og dette vart overhaldd med unntak av eit som varte i to timar. Der vart det avtalt med informant undervegs at intervjuet kunne halda på lengre, då vedkomande hadde meir å fortelja.

4.3.2 Reliabilitet, validitet og overføringsverdi

Tre omgrep er sentrale ved tillit og truverd i forskinga. Det er reliabilitet, validitet, og overføringsverdi. Ved å forklara desse tre omgrepa, og visa til korleis dei er tekne med i oppgåva her, vil kvaliteten på forskinga kunne verta vurdert (Thagaard, 2018, s.181).

Reliabilitet handlar om kor vidt forskinga er gjennomført slik at ho er truverdig, og kan visa til at fleire forskarar kan koma til same resultat ved anna forskning. Dette er viktig og avgjerande i kvantitativ forskning (Thagaard, 2018, s.187). I kvalitativ forskning som denne oppgåva er basert på, betyr samspelet mellom forskar og informant noko for forståinga og informasjonen som kjem fram i løpet av studiet (Thagaard, 2018, s.188).

Dette kan gje ein subjektivitet og påverka resultatet. For å ha reliabilitet slik at forskinga er truverdig og kjem med fakta, er det naudsynt at forskaren har stor transparant i prosessen. I tillegg bør vedkomande vera grundig i metode, og kunne visa til tydeleg oversikt i datainnsamlinga og i transkriberinga (Thagaard, 2018, s.188-189). Samtykkeskjema vart i denne oppgåva sendt ut, og viste til planlagt framgangsmåte. Det ligg som vedlegg i denne oppgåva.

Validiteten viser til kor gyldig resultatata kan vera. I denne oppgåva er det relasjonen og tilnærminga til informantane som er viktig å vera merksam på (Thagaard, 2018, s.190). I tillegg kan tidlegare og anna forskning innan same tematikk, byggja under funna som vert gjort i denne forskinga. Der det er fleire forskarar i same prosjekt, vil det ved parallellar kome fram om eit funn er meir å lita på enn eit anna (Thagaard, 2018, s.191-192). Min ståstad inn i pilegrimsarbeid var at arbeidet innanfrå ikkje var kjent, men hadde snakka og vore i kontakt med eit par av informantane på førehand. Kjennskapen til miljøet og arbeidet, gav ein styrke og ein positiv relasjon. Eigne erfaringar og førekunnskap førte til forståing av omgrep. Tilknytninga var likevel ikkje så sterk at det fekk negative følgjer (Thagaard, 2018, s.191). For å gje truverd i eit arbeid med berre ein forskar, er løysinga å visa til anna liknande forskning. I dette tilfellet er det publisert få vitskaplege artiklar og funn. Dette viser ei svak side ved studiet. For å vega opp for manglande funn relatert til problemstillinga, vart det søkt etter og nytta forskingsbasert informasjon frå artiklar, rapportar, og avhandlingar som var nærliggjande.

Det tredje punktet i tilliten i forskinga, er i kva grad innhald i funn kan overførast til noko som lesaren kan kjenna att. Det handlar om forståinga som vert utvikla innanfor rammene av prosjektet kan vera relevant for andre og i andre situasjonar. Denne forståinga heng saman informantane sin posisjon i samband med forskinga sitt innhald. Det handlar om i kva grad dei kan noko om- og kan formidla noko ei forståing av fenomenet, og kva relasjonar dei

står i til samfunnet og omverda. Dette er viktig i vurderinga av kor stor vekt overføringa har i resultatet av forskinga (Thagaard, 2018, s. 195). Dette kan vera eit dilemma. Sidan mogleg utval var avgrensa, vart ikkje konteksten som informanten var i, skildra samstundes med sitat eller presentasjon av informasjon. Slik kunne informantane verta meir skjerma, og anonymiseringa verta betre teke vare på (Thagaard, 2018, s. 205). I oppsummeringa vil overføringsverdien av arbeidet med denne oppgåva, verta lagt fram ilag med refleksjonar etter drøftinga.

5 Resultat

Framstillinga er så langt som mogleg, informantane sin versjon, kunnskap, erfaring og oppfatning av denne rolla, ansvar og arbeidsoppgåve. Det vil gje eit bilete av den rolla DNK har som aktør. Noko av innhaldet som kom fram, vil vera skrive saman. Anna vil vera lagt fram med punkt der punkta viser svara på eit intervju spørsmål. Kvart punkt vil då skildra den ein skilde informant si erfaring. Sitat er skrivne i skriftform, og ikkje munnleg form. Orda er likevel identiske.

Funna er delt inn i tre underkapittel som er lik inndelinga av spørsmåla i intervjuguiden. Det fyrste er kjennskap til bakgrunnane som gir ei auka forståing av ståstaden, synsvinklane og arbeidsoppgåvene til informantane. Det andre er organiseringa som viser rammene og arbeidsmåtar. Det siste underkapittelet kjem inn på betydninga av innhaldet i pilegrimsledar og pilegrimsarbeid i denne samanhengen. Alle informantane vert omtala som han, då ordet ein informant er hankjønn. Det er ei løysing for å ikkje avsløra kjønn eller gje indikasjon på kven informanten er. Både kvinner og menn er informantar i dette utvalet.

5.1 Bakgrunn

5.1.1 Stilling og arbeidsområde

Til spørsmål om tilsetjing, stilling og arbeidsinnhald viste svara at bakgrunnen til informantane, stillingsstorleik, arbeidsoppgåver, geografisk arbeidsområde og utdanning er ulike. Nokre av dei har meir administrative stillingar, medan andre har større fokus på innhaldet i pilegrimsvandringar, utarbeiding av program og informasjon, og møte med den ein skilde vandrar. Fleire av informantane fortalde at dei gjennom arbeidet var engasjert i prosjekt. Det var blant anna eigne pilegrimsvandringar, utforming av ny pilegrimsled som gjekk langs veg slik at fleire kunne erfara pilegrimsvandring, og ulike kurs innan pilegrimsarbeid. Felles er at alle svara at informantane er tilsett i DNK innan pilegrimsarbeid i Stavanger Bispedømme eller Nidaros Bispedømme, eller i NPS og i eit regionalt pilegrimssenter.

5.1.2 Motivasjon

Alle informantane svara at det er eit større engasjement for arbeidet enn at dette berre er jobben. Dei fortalde at drivkrafta til å arbeida med pilegrimsledar og anna pilegrimsarbeid er personleg, og at det hadde samanheng med ei oppleving og erfaring med natur, kyrkje, nærvær av noko åndeleg og eit ynskje om at fleire må få ta del i dette. Nokre av informantane har kome inn i arbeidet undervegs i yrkeslivet, og slik fått kjennskap til pilegrimsarbeid og pilegrimsledar som igjen har skapt interesse for tematikken.

Ein av informantane uttrykte kor meiningsfullt det var å kunne arbeida med tilrettelegging og koordinering slik at menneske kan nå eit mål. Arbeidet er ein prosess, og han kjenner på ei glede når ein ser at sluttproduktet er auka livskvalitet hjå menneske. Ein annan ynskte at arbeidet med tilrettelegging skulle kunne gje menneske eit høve til å finna ro i ein kvardag med mykje støy, og i neste omgang kan hende få eit møte mellom menneske og Gud. Noka av drivkrafta for ein av informantane er at det i nesten kvar bygd i Noreg er ei kyrkje, og det er viktig å arbeida for at kyrkjene igjen vart ein naturleg del av kvardagen til folk. Han fortsette med å fortelja at på pilegrimsvandringar besøker ein gjerne minst ei kyrkje til dagen. I kvardagen er det ikkje alltid tid og rom for å gjera det, men å gå innom og vera i kyrkja ein gong i veka eller når ein vil, må bli meir naturleg. Fleire av informantane viste til at engasjementet som dei møter hjå samarbeidspartnarar, pilegrimar og frivillige, motiverer for innsats i arbeidet.

5.1.3 Oppgåver i arbeidet med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar

Dette varierte etter stillinga til informanten. Det som var felles i svara, var at alle hadde gått og deltok aktivt på pilegrimsvandringar både som DNK organiserer, og på nokre vandringar der andre aktørar står bak. I alle intervjuar kom det fram at samarbeid mellom lokale, regionale, nasjonale, verdsomspennande og økumeniske interesser var av betydning. To av informantane løfta fram kor stort potensial det ligg i pilegrimsmotivet som eit verktøy og eit rom for både lokalt arbeid og med eit blikk utover. Ein av dei sa at han kjente på at prestar og diakonar i DNK som hadde stillingar knytt til pilegrimsarbeidet, fekk for mykje papir- og kontorarbeid i staden for å nytta tida og kunnskapen ute i felten. Nokre av informantane var

direkte knytt til langvandringar, og både dei og fleire nemnte på kor viktige desse er. To av informantane hadde eit ynskje om å få til fleire organiserte langvandringar.

5.2 Organisering av pilegrimsarbeidet til DNK knytt til NPS

5.2.1 Rolla til DNK som aktør i NPS

Her kom samtalen i intervjuet inn på DNK som ei av fire søyler i arbeidet. Tre av seks informantar var heilt tydelege på at det var ei viktig rolle. Ein av informantane peika på at det var positivt for arbeidet. Fem av seks var tydelege på at det og var ei stor rolle, og at det var viktig at DNK var aktiv i dette samarbeidet. Den sjette gav uttrykk for at DNK var meir passiv inn i sjølve organiseringa av arbeidet, og at dette gav seg til kjenne gjennom samarbeidet med ulike lokale kyrkjesokn. Han opplevde lite eller ingen respons på utspel frå eit regionalt nivå. Ein av informantane trekte fram at NPS gir ei ytre ramme, og legg til rette for ulike samarbeid. Dette fører til ei felles glede, og har verknad og på DNK sitt arbeid der innfallsvinkelen er annleis enn hjå dei andre aktørane. Informantane fortalde og om positive tilbakemeldingar frå pilegrimsvandrarar og turistar om at DNK er med i dette arbeidet i denne rolla.

Det som gjekk igjen hjå alle av informantane, var at DNK kunne tilføra eit åndeleg perspektiv, gje eit anna innhald, og leggja til rette for møte mellom pilegrimsvandrarar og kyrkjerommet. Informantane var klare på at det då måtte vera ein føresetnad at kyrkjene måtte verta meir opne. Kyrkjene måtte vera fysisk opne til ei kvar tid, men og i møte med vandrarar. Ein informant sa at vandringane har heilage mål som blant anna er å koma fram til ein katedral eller kyrkje. Ein annan informant la vekt på at pilegrimsvandringane historisk sett høyrer heime i kyrkja. Derfor har dei allereie ei rolle i form av eit eigarskap. Han la til at dette er i tillegg til den som er gitt som aktør knytt til NPS.

Ein informant forklarar at rolla er i form av ei drivkraft og ein kjerne inn i arbeidet. Han forklarte med at det økonomiske bidraget frå DNK vil vera lite. Derimot står det i formuleringane som ligg til grunn for dokumenta for arbeidet i NPS til dømes i langtidspanen, har DNK ei viktig rolle på andre område. Ein annan informant delte rolla til

DNK som aktør, inn i tre nivå. Det eine er integrasjon slik at ein inkluderer menneske frå ulike land og kulturar ved å vera gode norske medvandrarar, og gjennom rolla visa ei open haldning og skapa rom for dialog. Det andre er at tilrettelegginga kan visa den kristne grunntanken gjennom nestekjærleik, deling og omsorg. Det tredje nivået handlar om å nytta kyrkja sin unike posisjon innan religionshistorisk innhald.

5.2.2 Betydninga av DNK som aktør

Betydninga av DNK som aktør kom og fram i svara på førre spørsmål. Ein informant svarte at viss DNK skulle ha drive arbeidet på eigenhand eller styrt alt innhald, ville DNK ha overteke eller dominert på negativt vis. DNK er historisk og tradisjonelt i allmenn interesse. Noko av dette ligg i det eksistensielle i menneske. Den same informanten meinte at når DNK var med i samarbeidet, gav det dette innhaldet: «Det allmenne og det hellige faller saman». Slik kan det verta skapt rom for at menneske kan forhalda seg til det religiøse.

Fleire av informantane svarte at i dette arbeidet kan DNK nå ut til fleire menneske. To av informantane tok fram omfanget av at kyrkjene er opne for å kunne oppnå dette. Ein av dei refererte til ei engelsk undersøking som viste at berre eit besøk inni i kyrkjerommet kunne skape tru. Den andre informanten hadde motteke ein del kritikk frå eksterne aktørar på at kyrkjene var stengde og låste. Tilbakemeldingar som han hadde fått var at vandrarar har eit ynskje om å få koma inn i kyrkjerommet. Han sa vidare at dette kan DNK gjera noko med. Det er ferdig utarbeidde retningslinjer og brosjyrar som gjer det enklare å leggja til rette og ta vare på tryggleik slik at kyrkjene kan stå opne. Dei lokale kyrkjene må sjå nærare på korleis dei opna opp hjå seg.

5.2.3 Pilegrimsvandring og diakoni

På spørsmålet om pilegrimsvandring er diakonal på noko vis, svara ein av informantane kort med at alt arbeidet kyrkja gjer og skal gjera, skal vera diakonalt. Eit anna kort svar var at så lenge DNK er med og er ansvarleg, er pilegrimsvandringar diakonale. Ein tredje informant utdjupa svaret med at ei pilegrimsvandring har mykje lågare terskel enn ei vanleg gudsteneste inne i kyrkjerommet. Ho er meir inkluderande. Mange kjenner på ei uro i kroppen. Ei pilegrimsvandring kan gje ro. Dette ser ein tydeleg ved å ha med yngre på

vandringar, til dømes konfirmantar. I dette arbeidet kan ein leggja inn mykje diakonalt, og det er enklare å visa evangeliet i handling.

Ein informant var inne på kyrkja skal vera diakonal, og ved å laga ein liturgi prega av pilegrimsmotivet kan ein nå fleire menneske. Dette kan og vera i vanlege gudstenester utanom pilegrimsvandringar. Dette kom og fram i eit anna intervju i eit utsegn om kor mange ord det vanlegvis er i kyrkja i alt ho gjer av aktivitetar og elles. Pilegrimsvandring og pilegrimsmotivet kan inspirera til bruk av færre ord og meir handling i praksisen som kyrkja har. Ein informant sa: «Ei pilegrimsvandring er ein energioase for livsvandring». Han forklarte at han meinte pilegrimsvandring kunne få ein til å koma seg vekk frå kvardagen, der det ikkje var så mange ord eller teneste ved bord, men ei tilrettelegging av møte mellom menneske og Gud. Vidare sa han: «Pilegrimsvandring er som et håndtrykk frå Gud i stillheten».

Fleire av informantane snakka om kor viktig gruppe og fellesskap har å seia. Det vart sagt at det er diakonalt å byggja opp gode og inkluderande fellesskap. Dette gjekk igjen i svar på dette og andre spørsmål. Fleire av informantane utdjupa det med at på ei pilegrimsvandring har alle dei same rammene. Alle har same verdi. Ein pilegrim deler og tek ansvar for fellesskapet og den gruppa ein høyrer til. Samstundes skal det vera rom for å vera berre seg sjølv. Dette heng saman med det enkle livet som ligg i pilegrimstanken. I den tanken set ein ikkje menneske i båsar etter kva stilling eller stand dei har. Alle er pilegrimar, og har berre med seg sjølv på vandring.

5.2.4 Planlegging av pilegrimsledar og pilegrimsarbeid

For ein informant var tilrettelegging av rasteplassane viktig. Det kunne vera korleis dei var forma eller plassert i landskapet, eller at innhald som vart formidla gjennom informasjon eller munnleg ved organiserte fellesvandringar, var godt gjennomtenkt. Ein annan informant sa at svaret var ei tredeling: Ein administrativ del ved å førebu best mogleg, ein samarbeidsdel, og ein åndeleg del. Den åndelege delen gjekk på å vera nært på livet og naturen. Det var og innhald i form av salmar, bønner, bibelvers og symbolikk.

I eit anna intervju svarte informanten meir om kva som låg under for planlegginga, og kva som må vera på plass i tankane. Vedkomande kom med stikkord som likeverd, fellesskap,

medvandring og relasjonar. Han utdjupa det med at det handlar om at alle er i same situasjon her og nå, og å vera medvitne på at alle deltakarar har same status inn i vandringa. I det kan ein få eit nytt perspektiv på livet. Deling av til dømes ein sjokoladebit eller eit plaster, er noko av kjernen i pilegrimsvandringa. Same informant kom inn på kor universell utforminga av pilegrimsledar skal vera. Kor mange skal kunne få til dømes St.Olavsbrevet, som nå krev at ein har gått dei siste 10 km. Det vart stilt spørsmål ved om dette er teikn på å inkludera. Han nemnte og orda myndiggjering og meistring i dette. Slikt må ein og tenkja på i planlegginga. Ein fjerde informant kom inn på gruppedynamikk. Erfaringa til vedkomande var at det var flest kvinner som meldte seg på felles organiserte pilegrimsvandringar. Det må koma meir som er tilrettelagt for begge kjønn.

5.2.5 Vektlegging av tryggleik slik at fokus kan vera stilla og oppleving

Her var fire av informantane tydelege på at merking av ledane var avgjerande. Alle nemnte at infrastruktur der basale behov vert ivaretekne er viktig. Dei skildra det som gode tilrettelagde rasteplassar, gode moglege og opne overnattingsplassar og knutepunkt eller treffpunkt der ein kan kontakta personar ved behov for assistanse eller anna. Nokre av informantane sa at det er unikt for Noreg at satsinga på pilegrimsledar heng saman og vert koordinert av NPS anten nasjonalt eller regionalt. Dei sa vidare at på grunn av det kan ein pilegrimsvandrar vita at leden heng saman med alle dei kontaktpunkta ein treng. Dette gir tryggleik. Ein av informantane sa at det var ei gåve til DNK at ein har ei offentleg satsing der fagpersonar til dømes naturguidar, er med og gjer logistikkarbeidet. På den måten kan DNK koma inn med innhald om kyrkjeleg historie, og truspraksis.

Elles svarte alle at informasjon i planleggingsfasen skapar tryggleik når han er faktabasert, ryddig, tydeleg, og viser til offentleg kommunikasjon og transport. I svaret vart det poengtert at det er viktig å få fram kva ein må ha med seg og på seg av kler, sko og utstyr. Tre av informantane svara at dei ansvarlege for pilegrimsvandringar må gje forklaringar og tilbod om samtale om dei fysiske føresetnadane for å klara og gjennomføra ulike etappar. Ein av dei kom med forslag om at det godt kan vera ei rangering av kor krevjande dei ulike etappane er. Den Norske Turistforeningen (DNT) brukar tal på støvlar som symbol for å synleggjera dette, og arrangørar av pilegrimsvandringar kan gjera det same. To av

informantane påpeika kor viktig det var at pilegrimsvandrarane hadde lett tilgang på vêr- og føremeldingar.

Gjennom intervju vart det sagt at i planlegginga kan det vera nyttig med gode guidebøker, oppdaterte nettsider og bruk av digitale verktøy som GPS og informasjon frå QR kodar langs løyper. Ein informant forklarte om nytte av digitale verktøy undervegs som vandrarar berre kunne få gleda og nytta av viss dei fyrst kom seg ut. Slik lokkar ein på eit vis folk ut på vandring, då det var informasjon dei ikkje kunne få heime. Ein annan informant uttalte at alt av informasjon skulle ein kunne henta på førehand, då det var viktig å ha fri frå mobiltelefonar og andre elektroniske hjelpemiddel medan ein var på vandring. Der kunne heller vera sett opp nokre fysiske skilt med skriven tekst om naudsynt.

Ein informant uttalte utifrå egne erfaringar, at der DNK stod som arrangør, var det klare retningslinjer for fyrstehjelpsansvarlege, kompetanse og risikovurdering. Det handla om fagleg kompetanse, tal på fagpersonar innan fyrstehjelp/sjukepleie/redning, og på planleggingsfasen viss nokon måtte verta henta av redningsmannskap, bil og liknande.

I tillegg til den ytre fysiske tilrettelegginga for tryggleik, kom tre av informantane inn på å vera trygg i møte med det som skjer med tankar og kjensler. To av dei viste til betydninga av at opne kyrkjer gir tryggleik. Når ein kjem fram til ei kyrkje som eit mål, kan ein gå inn. Ein av informantane var på dette punktet oppteken av kor viktig mottaket av pilegrimar er. Han framheva det å verta møtt med omsorg, gjestfridom og rause menneske som ser ein, gir tryggleik i situasjonen ein er i, uansett om det skjer ved målet eller undervegs. Vidare svarte han at det er viktig at dei som møter og tek imot pilegrimar veit og er klar over si rolle. Dei vil vera med å skapa ein forskjell i dette møtet. Dette gjeld for alle pilegrimar, anten dei er på vandring ein dag eller er på ei lang vandring.

Ein annan informant var og inne på det med at fast liturgi ved til dømes kveldsbøn, gir tryggleik i møte med det åndelege. Fleire av informantane forklarte at åndeleg innhald i form av bønner, tekstar, små bibelvers og eller salmar i brosjyrar og guidebøker, kan gje tryggleik på vandringa.

Ein informant tok og fram at arbeidet DNK gjer lokalt mange stader, er med på å skapa tryggleik. Ved å ha små pilegrimsvandringar i nærområde får menneske prøvesmaka på

aktiviteten i kjende omgjevnadar. Det kan vera meiningsfylt å la ulike generasjonar møte symbolikken og pilegrimsmotivet i arbeidet slik at det vert meir kjent. Det igjen kan opna opp for meir kunnskap om historia til pilegrimskulturen lokalt, regionalt og nasjonalt. Same informant meinte at NPS var ei gåve til DNK. Den offentlege satsinga er tydeleg. Samarbeid på tvers av fagfelt og mellom ulike kompetansar lagar tryggare rammer enn om kvar aktør skulle arbeidd for seg. Saman kan dei ta tak i dei ulike utfordringane på pilegrimsledane og i pilegrimsarbeidet inkludert pilegrimsvandringar.

5.3 Innhald

5.3.1 Pilegrimsledar og skaparverket - tankar og erfaringar

Alle informantane var klare på at i møte med skaparverket på pilegrimsvandringar, må ein ta i bruk fleire sansar. Dei tok fram at syn, høyrsel, lukt, og fysisk ta i bruk heile kroppen ved å gå ute, er ein viktig del av det å gå pilegrimsledar. Ein informant fortalde at det til vanleg er lett å gå glipp av noko. Han fortsette og forklara at med lengre vandringar, og gjerne i stilla, kan ein få nye opplevingar. Slik kan ein sjå dei store linjene, og at alle har ein plass i skaparverket. Det er gitt oss av Gud. Tek ein i bruk alle sansane kan ein sjå eit vitnesbyrd om storleiken til Gud og kor uendeleg raus han er.

Den eine informanten sa at oppgåva vedkomande hadde med pilegrimsvandring, var å få folk til å vera med på tanken om at å oppdaga dei små detaljane, og sjå dei i ein større samanheng der og menneske er ein del. Vedkomande hadde som mål for vandringane at deltakarane lærte å gjenkjenna nokre fuglelydar og planter. Slike opplevingar kan ein få ved å gje nøklar og leggja til rette for at menneske sjølv kan få eit innblikk i naturen eller skaparverket, om ein vel å bruke det ordet. Han sa vidare at ved å gå på pilegrimsledar får ein eit forhold til naturen. Det kan gje ei bevisstgjerjing om kva naturen er, og sjå samanhengar til dømes forvaltning.

Forvaltning og forsøpling var og stikkord for ein annan av informantane. Ein må ta vare på skaparverket på ulike måtar. Den same informanten såg og eit perspektiv om æva med å vandra i skaparverket. Ein er på veg her på jorda, samstundes som ein er og på veg til

skaparen og det nye livet. Dette vart og sagt med denne setninga: «Eg er Guds barn i skaparverket på veg til vår Far».

To av informantane var inne på balansen i å vandra i urørt natur og det meir menneskeskapte landskapet med asfalt, bygningar og køyretøy som lagar støy. Ved å fjerna seg frå kvardagen er det lettare å koma nærare seg sjølv og Gud. Samstundes er det viktig å få peika på at Gud er der du er. Han er i kvardagen. «I det ligg der ein dobbelhet», sa den eine informanten.

Den andre informanten gjekk noko djupare inn i det ved å uttrykkja at teologisk er menneske i det skapte. Han gav ei lengre forklaring med at det er eit samspel i alt, og menneske er ikkje overordna noko. Menneske kan feira gåvene som er gitt, og alle er gitt livet. Noko er felles uavhengig av livssyn. Det gir likeverd gjennom at det «... likestiller oss og at alt er gitt oss». Det blir konkretisert. «En kropp + følelser + fellesskap = en slitenhet som gjør deg mer åpen». Derfor er det viktig at kyrkjene er opne og kan møte menneska. Slik kan skaparverket gje tilbake gjennom kyrkjerommet. Der skal det vera rom for å vera skapt. Han viste til at mange kjenner på negative, brotne og vanskelege relasjonar til menneske og det menneskeskapte. Her er det viktig å la den urørte naturen og skaparverket få visa seg for å kunne frigjera noko i menneske. Det må heller ikkje det bli den einaste utvegen. Det er ei forplikting i det å ta vare på både og. Vedkomande ga deretter eit døme. Han hadde hatt mange erfaringar med det å ha gått i meir eller mindre urørt natur i fleire dagar, for så å nærma seg og koma inn i det meir urbane og det som er kvardagen for dei fleste. På det tidspunktet er det viktig å stoppa opp og gje rom for undring over møte med kvardagen som møter. «Vi lever i denne tiden». Han sa han meinte me må sjå på kvardagen med eit kjærleg blick. Ei pilegrimsvandring går ikkje utanom smerta i livet.

På eit spørsmål vidare om dette med å leggja til rette slik at pilegrimsvandrarane kunne få kjennskap til skaparverket, svarte to av informantane klart at det ikkje måtte brukast for mange ord. Ein av dei to siterte ei songstrofe: «Det kan ei forklares, det må blott erfares». Den andre sa: «Den indre vandringen må få ha sitt liv». Han forklarte setninga si med at medan eller når ein vandrar på ein organisert pilegrimstur, treng det ikkje vera for mange stopp med ord og formidling. Det treng ikkje vera samtale om alt. La augneblinken vera det viktigaste. Informanten la til nokre setningar til som fortalde om dette. Kulturhistorie og

annan informasjon vert gitt i forkant, og dei som ynskjer det, kan lesa seg opp før vandrainga. Det kan vera forstyrrende å ha med kjentpersonar som informerer på kvar plass eller undervegs. Informanten avslutta med to setningar: «Stillheten kan føra til kjedsomhet som igjen kan gje rom for tankar og indre opplevingar. Kjedsomhet er viktig».

Ein av informantane svarte på spørsmålet om tilrettelegging for eit nærare kjennskap til skaparverket og naturen, ved å påpeika medvite og kunnskapsbasert traseval av pilegrimsledane. Han forklarte vidare at ein pilegrimsled skal fanga opp både detaljar og dei heile og store linjene. Det gjeld det å inkludera det kulturhistoriske, og kva som er positivt for både menneske og for landskap. Same informant kom og innpå dette med å ta vare på skaparverket ved å la pilegrimsledane og pilegrimsvandraingane vera berekraftige.

Vandrarane må verta medvitne om at dei kan ha negativ påverknad på omgjevnadane.

Ein informant nemnte at berekraftige pilegrimsvandraingar og pilegrimsledar var naudsynt å ha med i gjennomføringa. Vedkomande gav eit døme på med å visa til at på neste organiserte pilegrimstur, var det fokus på kortreist mat undervegs. Forklaringa han gav vidare, var at ved bruk av kortreist mat, gir ein fokus til berekraft og forvaltning. Vern av skaparverket, og samstundes fordele og vera takknemleg for gåvene er viktig. Slik kan ein få vist Gud sine gode gåver til menneska. Presentasjon av og det å ta i bruk lokale ressursar kan og gje forståing av den rolla ein har der ein er satt, og kva rekkevidde det kan ha.

To av informantane var tydelege på at bruk av ord og formidling av kunnskap, var viktig for at pilegrimsvandrarane og andre skulle kunne koma nærare og få betre kjennskap til skaparverket. Den eine av dei sa at dette galdt særskild ved organiserte turar slik at dei fekk ei felles tilnærming, som i neste omgang kunne føra til eit fellesskap som pilegrimsvandrarar. Vedkomande tok og fram at samtale utifrå tematikk er eit viktig element. Samtalane kan skje undervegs eller gjennom ei delestund om kvelden. Dette for å få fokus på erfaringar og opplevingar av noko meir enn berre dei sjølve. Den andre av desse to, kom innpå dette at å dela erfaringar og opplevingar både undervegs og ved samling til slutt, kunne ein lettare kjenna på at ein er del av noko større. Ein er del av eit stort og innhaldsrikt skaparverk.

5.3.2 Tilrettelegging som peikar på Gud

Her var svara:

- Infrastrukturen på pilegrimledane peikar på noko meir, ein opplever tradisjon, går innom kyrkjer, og går der andre har gått før.
- «Det er eit viktig spørsmål». Det er sentralt å innføra det religiøse for menneske, la dei få koma nærare ulike uttrykk. Her er kunnskapsdelen viktig. Tilrettelegginga bør innehalda element av det lokale som peikar på nærvær av Gud i oss og i kvardagen vår. Gjennom samtalar kan ein opna opp for gudsopplevingar. Gjennom salmar kan ein visa til andre sine uttrykk for nærvær av Gud. Også er det viktig å snakka om Jesus! Både som Gud, men og som sant menneske. Ha med perspektivet på det fellesmenneskelege Gud møtte og møter oss med i Jesus. Jesus er ideal førebilete på menneske.
- Det å leggja til rette for opplevingar gjennom å arrangera og oppmoda til vandringar der ein går stille, brukar sansar, og skapar undring kan ha etterverknadar. Det same kan skje ved besøk i kyrkjerom. Informanten refererer til Arne Bakken. Kyrkjebygget er eit kompass. Tårnet viser veg til himmelen og peikar på Gud, inngongen mot vest, alter mot aust og så vidare.
- Gud kjem ikkje til deg i det indre av seg sjølv. Gud må koma inn frå det ytre til dømes gjennom tidebøner der ein inviterer Gud inn.
- Det har betydning at pilegrimsvandrarane vert skjerma frå for mykje informasjon slik at det kan gje rom for å koma nærare Gud og tankane sine.
- Ikkje bruk ord. Klart ord i bøner, salmar og vers vil peika på Gud, men i kyrkjeromma, gjestfridom og vitnesbyrd gjennom liv vil Gud bryta gjennom og visa seg sjølv til menneske i det dei møter. Eit nøkkelord er opne kyrkjer. Bruk av lys som kan skapa varme og minna om at Jesus er lyset for/i verda. Sjølv ved bruk av ledlys for tryggleiken si skyld.
- Langs pilegrimsledane er det laga små situasjonar som både kan peika på det åndelege generelt sett og på Gud som skapar. Kors, små ord ved rasteplassar, ein Bibel på overnattingsplassar. «Små ord eller vers kan skapa kognitiv refleksjon».

5.3.3 Forklaring av omgrep

Eit av spørsmåla i intervju, var kva informantane la i omgrepet: Identitet som skapt av Gud.

Her svara dei:

- Føresetnaden er ein gudsrelasjon.
- Å vera ønska av Gud. Å vera vilja. Livet som gåve er for absolutt alle, og det er innvevd i alt anna som er skapt. Ein del av livsveven, og slik sett og ansvarleg for at skaparverket skal vera berekraftig.
- «Som skapt av Gud er eg eit Guds barn, og får vera ein del av det store skaparverket. Det er noko eg kan forhalda meg til i vandra mi i livet».
- Å ha sin identitet som skapt av Gud, vil seia at ein er kjent av Gud og med Gud. Der er meining og mål med livet. Ein er Guds barn og lever i saman med Gud.
- Gud er godleik, og det gir ei stemning. Ein identitet er alltid i rørsle mellom godt og vondt. Det kan gje tryggleik. Eit menneske har ei livsvandring – det går på livets veg. Då vil det alltid vera møte med det som er godt og det som er vondt og vanskeleg. Det pregar identiteten og skapar identiteten. Som skapt av Gud, er ein på vandring i det livet ein har fått. Eit menneske må sjølv arbeida med identiteten.
- «Det er svære greier!». Det er stort. Ein har ein verdi, ein er skapt i Guds bilete, planlagt, elska og ønska. Ein kan utforska dette gjennom heile livet, men kan aldri fullt og heilt forstå det nokon gong. Det står i *Bibelen*: «Du skal elska din neste som deg sjølv». Du må elska deg sjølv før du kan elska andre. Gud er den som kan klara og få deg som menneske til å vita verdien du har. «Det er større enn det me har språk for, og det er større enn me har forståelse for».

5.3.4 Pilegrimsvandring som generelt identitetsskapande

Fleire av informantane svarte at identitetsskapande arbeid heng saman med å møta andre menneske eller at andre menneske har gått føre på ulike vis. Ein sa det slik at pilegrimsvandring er eit fellesskap som skapar identitet. Det å vandra har eit åndeleg perspektiv ved at å sjå bakover opnar opp for å sjå framover. Ein annan kom inn på at ved å møta andre menneske, få kjennskap til korleis pilegrimsvandrarar har det, kan kvar

og ein verta betre kjent med seg sjølv. Dette kan skje når ein går åleine og. Når ein ser spor av at andre har gått føre, så gir det refleksjonar.

To av informantane viste til tilbakemeldingar frå andre pilegrimsvandrarar som sa at dei vert betre kjent med seg sjølve gjennom vandring, refleksjonar, møte og samtalar. Dei fortsette med å fortelja at for nokre har det stor betydning å oppleva at dei går eller er på plassar med spor av slekt. Det kan vera i form av ei grav eller hustuffer.

Pilegrimsvandrarane møter på ein del av historia deira, og gir dei ei kjensle av å høyra til.

Ein informant sa at når vedkomande leia ei pilegrimsvandring, vart det gitt ei melding før vandringa starta. Det var at vandrarane skulle berre gå, ete og sove. Å ha så lite som mogleg å ta ansvar for, kan gje store rom for refleksjonar. Når ein går i grupper, er det viktig med nok tid til å vera stille undervegs, og heller opna opp for samtale viss naudsynt. I tilrettelegginga er det og viktig å gje rom for refleksjonar.

Frå ein informant var svaret at sjølve vandringa har mykje å seia for å skapa identitet. Det å gå ute er ei fysisk rørsle som kan gjera noko med deg. Ein pilegrimsvandrar pakkar berre det han akkurat treng. Det gjer deg naken, og det er viktig. Det fører til at du må bli betre kjent med det indre og det ytre i deg, og du må finna ut kva du toler. Det set i gong ein tankeprosess.

5.3.5 Tilrettelegging for erfaring hjå vandraren som ein del av skaparverket

På spørsmåla om dette svara informantane:

- Noko av den tematikken må bli sagt høgt gjennom lesing av bibeltekstar. Dette kan ein få til på fellesturar, men og ved at det er tilrettelagt i guidebøker og internettsider for pilegrimsledane med ein bibeltekst for kvar dag. I tillegg kan tidebøner vera ein god måte. Det kan og vera naturleg å oppfordra til eller gje oppdrag til vandrarane om å finna noko i naturen som ein er takknemleg for. Sameleis ei kvist for håp, og noko som kan minna om ein byrde som ein ber med seg. Det er ofte ein stein, og ein gjer det siste dagen. Slik symboliserer ein takk, håp og byrde.
- Ein treng ikkje ha noko klart på førehand som tematikk eller anna. Det er viktigare å ta opp trådar frå vandrarane om kva dei tenkjer på. Likevel kan det vera positivt å ha

fokus på takk, kva som er godt og kva som gjer livet verdt å leva. Mange har med seg ein bagasje som gjer det lett å søkka ned i tunge tankar om det triste og vanskelege. Det kan vera godt å ta i bruk noko fysisk slik som stein, kvist eller noko anna grønt frå naturen .

- DNK kan vera med å løfta det meiningsberande slik at det byggjer tillit i fellesskapet. Slik kan vandraren kjenna seg som ein del av noko meir, og sjå samanhengen som ligg der.
- DNK bør leggja til rette for stilla og roen slik at opplevinga og undringa kan koma. Det å leggja til rette ved å visa helsingar er ein innfallsvinkel. Døme frå Spania der ei korg med eple stod langs leden. Korga viste til deling av gode i skaparverket. Sameleis finns det på-kast-røyser som gjer det mogleg å leggja frå seg ein stein som ein har bore, og la det vera ei fysisk symbolhandling for å leggja frå seg ei byrd.

5.3.6 Opplevingar frå informantane om tematikken identitet, skaparverk, pilegrimsledar og pilegrimsvandringar

Eit viktig element for ein av informantane, var det å koma til målet. Pilegrimsvandring har æva som perspektiv, og gir hjelp og rom for dei lange tankane. Han sa ta mennesket vil få ei ny mottaking i himmelen ein dag. Dei mindre mottakingane det får i livet sitt i dag, er små smakebitar på det som kjem. Vedkommande sa vidare at viss kyrkjene kan vera fysisk opne oftare, og i tillegg visa toleranse, akseptera og tola mennesket, kan mottakingar som vert gitt pilegrimar og menneske overalt, verta ein god smakebit og kunne gje ein himmellengt. Ein føresetnad for ei slik oppleving er at tilsette og frivillige i arbeidet må vera meir medvitne om at dei er representantar for Gud på jorda.

Ein annan informant var og inne på målet. Han sa at målet for ei pilegrimsvandring er kyrkja, katedralen eller ein annan heilag stad, og fortsette med at det er viktig å få med menneske ut å gå for å ha eit mål. Vandringa er det viktigaste. I den kan ein hauste erfaring og ei oppleving av seg sjølv, av det rundt ein og av livet i det heile. Det kan lett bli for mange ord. Symbolbruk kan gje like mykje og meir enn ord, til ein som er på tankevandring.

Pilegrimstanken opnar opp for å ta i bruk fleire sansar. Slik kan berre eit ord undervegs gje rom for undring og oppdagingar.

I eit intervju fortalde informanten om erfaring frå egne og andre sine pilegrimsvandringar, der det å gå i stilla i til dømes to dagar med få inntrykk utanfrå, gjer at det som då vert opplevd den tredje dagen, har ei mykje sterkare påverknad og rører det indre i ein.

Fleire av informantane var inne på at pilegrimen må definera seg sjølv. Ein av informantane viste til ein studie av Leif Gunnar Engedal der innsette ved eit fengsel var på pilegrimsvandring, og korleis dei opplevde det å få vera pilegrim eller vandrar og ikkje kriminell.

Ein informant påpeika kor viktig det er at DNK er med som aktør i samarbeidet på tvers av fagmiljø og som leverandør av innhald. Dette gjeld ikkje minst DNK som eigar av kyrkjebygga som har forankring i kvar ei bygd. Han fortalde vidare at mange ser på seg sjølv som ein vandrar i starten av ei pilegrimsvandring. Når målet vert nådd, definerer dei seg som pilegrim. Det skjer ei endring undervegs. Alle kan vera pilegrim, og tilrettelegginga frå DNK og andre aktørar, må vera så open som mogleg slik at menneske kan få definera seg sjølv. Vedkomande la til at viss ikkje kyrkja er med som aktør, er det ingen pilegrimsvandring.

Ein informant nemnte på kor viktig det er å vera pilegrim der folk er. Når ein i ein pause ved ein rasteplass, møter andre menneske som kanskje definerer seg som turistar eller er lokale innbyggjarar, så er ein pilegrimsvandrar ein pilegrimsvandrar. Det vert identiteten. Det er med å forma tankar både hjå pilegrimsvandrarane og dei som møter han.

Ein av informantane gjentok at pilegrimsmotivet er stort og kan opna opp for uendeleg mykje. Her er det mogleg å leggja til rette for tru. Det er eit verktøy som DNK kan gjera stor nytte av for å nå ut både til og blant menneske. Vedkomande poengterte dette fleire gonger med orda: «Pilegrimsmotivet er et stort mulighetsrom».

Til slutt i Resultat kjem opplevde forteljingar frå informantane eller tilbakemeldingar dei hadde fått som viser tematikken:

- Å vandra åleine der andre har gått føre meg. Personleg er det ei oppleving av å vera ein del av noko større. Å vandra åleine opnar opp for å tenkja store tankar og å vera audmjuk. Lettare å ta i bruk fleire sansar og tankar. Å vandra forbi eller koma til ruinar etter ein husgrunn på ein husmannsplass. Kvar er menneske i dag? Kvar er eg?

Kva har skjedd sidan den gong. Alt som er gjort for at eg skal kunne vera der eg er i dag, ligg i desse historiske ruinane. Trua på at livet går vidare.

- Når den siste dagen på ei pilegrimsvandring er komen, og eg nærmar meg målet, slår kyrkjeklokkene for meg og deg som er pilegrimsvandrarar. Det er sterkt. Ein kan koma frå utkanten og inn mot ein by. Til eit pulserande liv med cruiseskip og turistar, travle gater og mykje folk. Så går ein der ilag i eit fellesskap med ryggsekken på, og høyrer at kyrkjeklokkene varslar at nå kjem pilegrimsvandrarar. Slik ynskjer klokkene oss velkomne til målet. Ein ber med seg så mange inntrykk, og så er det slutt. Det er ikkje meir. Samstundes har ein fått refleksjonar og tankar som ein tek med seg inn i livet vidare.
- Ein pilegrim har motteke alt som gåve. Han har gått vekk i frå det han har, ber ikkje med seg meir enn det han treng. Han går gjennom smerte og glede, det vonde og det gode. Han går ikkje utanom. Og med seg ber han det paradisiske. Eit overordna mål i livet. «Peregrino». Pilegrimen er ein gjest, ein god gjest.
- Mange som melder seg på ei organisert pilegrimsvandring, er i ei krise. Det kan vera brotne relasjonar, sjukdom, død eller anna. Fleire av desse har gitt tilbakemelding om at dei har teke med seg bønene som vart nytta under pilegrimsvandringa, heim og teke dei i bruk i kvardagen sin.
- Ein rik forretningsmann i femtiåra gjorde eit veddemål i lunsjen på arbeid. Han skulle gå ei pilegrimsvandring langs ein led. Han bar sjølv alt han trong for heile turen, og skulle gjennomføre åleine og klare seg sjølv. Etter å ha nådd målet ved Nidarosdomen i Trondheim, vart han spurd om korleis han opplevde vandringa. Då svara han: «Ingen går uberørt en slik tur».

6 Drøfting

Teori og resultat dannar grunnlaget for drøftinga som er delt inn i underkapittel etter same inndeling som i intervjuet. I tillegg vert svake og sterke sider ved metodane og gjennomføringa av arbeidet tekne fram og vurdert.

6.1 Bakgrunn og organisering

Det kom tydeleg fram av intervjuet at DNK har ei viktig rolle som aktør i NPS si satsing på pilegrimsledar og pilegrimsvandringar. Det vart peikt på glede i arbeidet å få samarbeida, gjera seg nytte av kvarandre og få innsikt i fagkunnskapen hjå kvar einiskild.

Pilegrimsvandrarar og turistar hadde gitt tilbakemeldingar til fleire av informantane om at dei var positive til at DNK var med i dette arbeidet. Det kom fram at DNK kunne utvida og bruka den rolla DNK har som aktør, i større omfang. Særskild med å engasjera seg lokalt.

Ei side av rolla som har religionshistorisk samanheng, er dei fysiske bygningane som blant anna kyrkjer, kapell, og katedral. Ei anna side er det diakonale målet DNK har om å ta vare på mennesket på best mogleg vis (Haugen, 2018, s.108). Visjonen til diakoni i DNK seier: «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjord gjennom liv og teneste»

(Kyrkjerådet, 2020, s.3). Denne visjonen forklarar omfanget av kven diakonal praksis skal gjelde, og at praksisen vert utført rett og godt. Samanhengen mellom diakonal praksis og pilegrimsarbeid vart det sett på i underkapittelet *Diakoni i DNK* tidlegare i denne oppgåva.

Innleiingsvis vart det vist til ei aukande interesse for pilegrimsvandring. Grunnane til dette kan vera mange. Eit studium la fram resultat som tyda på auka subjektiv livskvalitet (Løvoll & Torrisen, 2020, s.136). Menneske lever i ei travel tid. Det kan vera at fleire ynskjer å få endra noko i livet sitt slik at dei kjenner det betre å leva. Ei pilegrimsvandring kan gje eit avstandsperspektiv til narrativet. Det vil seia at ein kan sjå på forteljinga om ein sjølv som ein ber med seg utan støy og forstyrrende element i kvardagen, og slik få eit nytt og eller endra syn på seg sjølv og situasjonen ein er i. For fleire av informantane var dette noka av drivkrafta og motivasjonen for å ta del i dette arbeidet. Visjonen for diakoni i DNK som vart vist til tidlegare, fortel og om å leggja til rette for at menneske kan få det betre. Viss

tilrettelegginga kan rydda og laga det betre for menneske slik at det kan erfara endring i livet jamfør kjensler, synet på seg sjølv, identitet og tankar, fortel det noko om rolla DNK har. DNK har eit handlingsrom i den rolla, som kan inkludera og visa nestekjærleik i pilegrimsarbeidet med ledar og vandringar. Ein av informantane uttrykte at rolla hadde tre ulike deler eller nivå ved integrasjon, den kristne grunntanken og religionshistorisk.

Med bakgrunn i både resultat og i blant anna visjonen i diakoni i DNK, kan DNK vera frimodige som aktør i pilegrimssatsinga til NPS. DNK kan og bør i følgje ein informant, ta større grep i det lokale arbeidet, og vera meir medvitne i dette arbeidet og kva det kan gje. Utifrå det som vart sagt av informantane, er det samanhengen og samarbeidet mellom lokale kyrkjelydar, det som skjer i regi av tilsette i bispedømme, regionale pilegrimssenter og NPS som kan verta betre. Dette er synspunkt etter erfaring, som det er vanskeleg å finna statistikk eller anna dokumentasjon på. Likevel er det eit argument for at rolla DNK har som aktør, har betydning for fleire på ulike nivå. I tillegg er det med og bygg under for at DNK skal vera ein av aktørane. Arbeidet bør derfor handla om korleis dei kan leggja til rette slik at rolla fortset og er viktig.

6.1.1 Bakgrunn og tverrfagleg samarbeid

Bakgrunnane og motivasjonane til informantane i denne oppgåva hadde noko til felles, og noko som var ulikt. Dette er kjent for menneske. Kvar og ein har sitt særpreg. Erfaringar og kunnskap er med og utviklar oss, og påverkar identiteten vår (Giske & Cone, 2019, s.44). For å kunne leggja til rette for at andre menneske skal kunne erfara noko nytt, og få utvikla seg, bør dei som arbeidar med desse oppgåvene, ha kunnskap innan ulike fagfelt. Det kjem ikkje av seg sjølv, og det kan og vera negativ erfaring med det nye om ikkje alle høve er tenkt godt nok gjennom. NPS koordinerer eit samarbeid med fire aktørar, som kvar kan bidra frå sitt felt. Så korleis kan DNK få fram breidda av fag og kunnskap frå sitt felt, og nytta det i arbeidet med pilegrimsvandringar og pilegrimsledar i samanheng med det problemstillinga spør etter?

Tilrettelegging for myndiggjering av menneske, handlar om å gjera det i stand til å ta vare på seg sjølv, og å fungera i den kvardagen der det er (Haugen, 2018, s.118-119). Det skal ha ei grunnleggande haldning om at alle menneske har lik verdi om forskjellane er mange.

Diakonien har i oppgåve å visa kjærleik slik at endring og løysingar på utfordringar kan skje (Jordheim, 2011, s.14). Ei utfordring som ein av informantane la fram, var korleis DNK i si rolle kunne inkludera menneske med fysisk utviklingshemming eller sjukdom som hindra dei i å oppnå kravet til St. Olavs brev. Nokre menneske er fødde med eit fysisk handikap. Det er ein del av dei og identiteten deira. I den kristne grunntanken er alle menneske skapt av Gud og er likverdige (Hegstad, 2015, s.111-112). Ein informant fortalde at det vart arbeidd med eit prosjekt for å oppretta ein pilegrimsled som følgde køyrbare vegar. Dette vil myndiggjera fleire ved at dei slik dei er kan få bestemta at dei er ein pilgrim og fullføra ei pilegrimsvandring sjølv om det er i bil. Dei vil kunne ta i bruk dei sju nøklane, symbolikk, og ha opplevinga av pilegrimsmotivet i oppbrot, undervegs, og det å nå målet på lik linje med ein pilegrimsvandrar som går på føtene sine.

Å møta den einskilde der han eller ho er i livet med det som trengst, er å visa nestekjærleik (Kyrkjerådet, 2020, s.12). Av og til er det å trekkja seg vekk frå kvardagen ein eller fleire dagar, det som skal til for å få ei endring og ei utvikling. DNK kan leggja til rette for pilegrimsvandring slik at menneske kan få verta kjent med stilla, eit meir langsamt liv, og det som pregar pilgrimen. Det ytre som ein kan sjå og fysisk oppleva, er til dømes naturen ein vandrar i. Det indre som skjer på ei pilegrimsvandring, er kanskje vanskelegare å få auga på. Bøn, ro, bruke sansane for å erfara skaparverket, og verta betre kjent med seg sjølv, kan skje gjennom nestekjærleik i vertskap, møte med andre vandrarar, og medvandring. For å oppnå resultat og utvikling, er det tverrfaglege sentralt. Både ved å gjera seg nytte av teoriar frå fleire fagfelt, og gjennom samarbeid med ulike aktive aktørar i samfunnet (Haugen, 2018, s.102-103). Resultata av intervju viste til at alle informantane meinte at samarbeidet var av stor betydning. Fleire av dei hadde administrativ stilling, som betydde kontor og papirarbeid. Ein av dei kjende på at denne delen hadde auka mykje dei siste åra. Dei var likevel opptekne av å møta pilgrimen, og vera med på både korte og lange vandringar. Gjennom praksis fekk dei kjennskap og nye og fleire erfaringar med pilegrimsvandringar, pilegrimsledar og samarbeid mellom dei som er med og arrangerer.

Med det som her vart nemnt, kan ein tenkja at tilsette i DNK bør vera meir medvitne på bruken av ressursane som er i dette samarbeidet slik at ikkje alle må gjera alt. Det vart gjennom intervju vist til ei takksemd over at andre tek seg av merking og infrastruktur. DNK

sit med fagkunnskap og erfaring innan blant anna emna sjelesorg, praktisk teologi, religionshistorie og liturgi. Dette kan gjelda i utforminga av skriftleg innhald undervegs på pilegrimsledane, vera tilgjengelege ved knutepunkt eller treffpunkt som ein av informantane var inne på, og ikkje minst tilby teneste i kapell, kyrkjer og katedral som gudsteneste, sjelesorgsamtale, og delestund.

Ein av informantane gav uttrykk for at DNK kan bruke pilegrimsmotivet mykje meir, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Kari Korslien er og inne på dette, og skriv at DNK må ta erfaringane frå pilegrimsarbeidet, og pilegrimsmotivet med seg inn i arbeidet til den lokale kyrkjelyden slik at fleire kan kjenna seg inkludert (Korslien, 2012, s.135). To av informantane viste til at det vert gjort små og viktige pilegrimsvandringar lokalt i kyrkjelydar. NPS og dei regionale pilegrimsentera arrangerer pilegrimsforum der ulike emne og utfordringar vert teke fram, drøfta og gitt vidare (Nasjonalt Pilegrimscenter, u.å., Nasjonal Pilegrimskonferanse – to dagar fyllt med inspirasjon). Her kan både dei som jobbar med pilegrimsarbeid konkret og andre i DNK og andre samanhengar koma. Resultata av intervjuet i denne oppgåva viser at mange av dei som arbeider med dette, kan mykje og vil mykje. For å møte samfunnsutfordringar er det viktig med slike samarbeidsarenaer der dei kan få formidla og dela kunnskap og erfaringar. Utdeling av erfaringar kan koma fleire til gode.

I ei masteroppgåve i diakoni er det nærliggjande å tenkja på om diakonidelen og diakonar vert høyrde og nytta godt nok inn i dette arbeidet. Erfaringa frå Telemark viser at ein diakon kan bidra stort i denne samanhengen (Erikstein, 2015). Dette er viktig slik eg ser det nå etter arbeidet med denne oppgåva. Samarbeid, kommunikasjon og tverrfagleg utveksling trengst for å få nytta pilegrimsledane betre. Arbeidet som vert lagt ned i dette, vil kunne leggja til rette for at menneske på vandring kan få erfara sin identitet som skapt av Gud. Det treng ikkje føra til ei kristen tru på den treeinige Gud. På bakgrunn av dette trur eg det kan gje menneske kjensla av å ha ein unik verdi, vera del av noko større som ikkje er tilfeldig, og som kan gje mål og meining i livet.

6.1.2 DNK i samfunnet

Ei side av tematikken handlar om korleis DNK kan føra vidare kristen tradisjon i Noreg i form av kultur og verdiar. I denne tradisjonen finn ein songar, tekstar, liturgiar, byggverk, mat,

skikkar og meir som er felles for folk. Alt dette er med og gir ein felles identitet. Mennesket kjenner at det høyrer heime i det som er felles. DNK kan gjennom pilegrimsledar og pilegrimsvandringar løfta fram denne sida. Kan søken etter ei kjensle av felles identitet i historia og tradisjonane vera ein grunn til den aukande interessa for pilegrimsvandringar?

I planlegginga av trasear av pilegrimsledar forklarte ein av informantane om betydninga av å få med det kulturhistoriske i tillegg til det geografiske. Nokre av dei andre trakk fram at dei hadde fått fleire tilbakemeldingar på kva det hadde gjort med pilegrimsvandrarar å finna spor av slekt eller andre samanhengar frå si eigen historie. I artikkelen *Kirken som kultur- og tradisjonsbærer* tek Otto Krogseth (2005) opp høve mellom stat og kyrkje, og trekk trådar til det politiske arbeidet om skilje mellom desse to. Denne oppgåva går ikkje inn på denne tematikken. Det er likevel relevant å reflektera over kva rolle DNK har i samfunnet, og i artikkelen nemner han ulike sider ved dette. Han er blant anna tydeleg på at Noreg må vera medviten på betydninga av ei felles identitetsforankring. Vidare skriv han: «Kirken er en viktig, kanskje den viktigste bidragsyter til kulturelle identitetsverdier og sosiale integrasjonsimpulser» (Krogseth, 2005, s.58). Å arbeida med identitet handlar om relasjonar (Farstad, 2013, s.192). Menneske kan finna mange svar på spørsmål det har om seg sjølv gjennom å sjå på kultur og tradisjon som har prega det. Eit kvar menneske er ein del av historia si, og dermed og den felles identiteten som er i samfunnet (Krogseth, 2005, s.60). Kyrkja har frå starten av, hatt ein naturleg plass i livsløpet hjå menneske. Ulike ritual frå fødsel til død har følgt folk gjennom generasjonar. For mange gir dette meining og er positivt (Krogseth, 2005, s.59). Ulike resultat, teori og ein fagartikkel viser at DNK kan leggja til rette for arbeid med identitet på ei pilegrimsvandring. Den posisjonen kyrkja har hatt gjennom historia i Noreg, spelar ei rolle inn samarbeidet DNK har om pilegrimsledar og pilegrimsvandringar med dei andre aktørane. Her er det kyrkjehistorisk kunnskap. I tillegg handlar det om diakoni. Igjen er det møtet med det einskilde menneske som står i sentrum. Tilrettelegginga for at kvar og ein skal kunne finna dei lange tankane som ein av informantane kalla det, har tilsette og frivillige i DNK mykje erfaring og kunnskap om. Likevel kan noko forskning tyde på at DNK er forsiktige med å vera tydelege nok på dette (N.M. Pettersen, 2013, s.103). Krogseth tek og med dette å tilpassa seg samfunnet som er i dag (Krogseth, 2005, s.59).

6.1.3 Fellesskap og gruppe

Å leggja til rette for fellesskap er og identitetsskapande arbeid. I *Plan for diakoni* står det blant anna at den kristne trua er den teologiske forankringa i diakonien. Det inneheld ei tru på den treeinige Gud, som skapar og livgjevar. Menneske er skapt i Gud sitt bilete, og DNK skal kunne møte menneske med det som utgangspunkt (Kyrkjerådet, 2020, s.5). Gjennom intervjuar var kom det fram at det var viktig å leggja til rette for at menneske sjølv fekk definera seg som ein pilegrimsvandrar. Det å forstå kven ein er, og kva ein vil, er ein prosess. Denne prosessen kan skje der det er fleire menneske samla. I resultata av intervjuar ser ein at det å vera saman med andre menneske ligg nært i eit arbeid der ein og skal ha fokus på at kvar einskild skal ha ei oppleving og få ei erfaring. Organisert pilegrimsvandringar for ulike grupper har eit rom for å kunne kjenna på fellesskap, å høyra til ein stad, og å vera lik andre.

I Eiliv Erikstein (2015) sin artikkel *Å vandre med håp* viser han til erfaringar med pilegrimsvandring og psykisk helse i Telemark. Her er det eit breitt samarbeid mellom kommune, distriktpspsykiatri, bedrift og DNK. I artikkelen kjem det mellom anna fram korleis ein kan læra av kvarandre, og at i ei gruppe er det alltid nokon som kan noko anna enn ein annan. Samstundes er alle på same vandring (Erikstein, 2015, s.153). Leif Gunnar Engedal (2011) sin artikkel *Fra fengselscelle til pilegrimsvei* baserer seg på ei empirisk undersøking han gjorde om pilegrimsvandring og innsette. Ein av informantane viste til denne siste i samanheng med betydninga av å få koma vekk frå kvardagen, ha ein identitet som pilegrim og ikkje kriminell. I begge desse artiklane finn ein tydelege positive erfaringar og refleksjonar med fellesskap på pilegrimsvandringar. Det er organiserte grupper der fagpersonar i samarbeid gjer det mogleg for marginale og sårbare menneske å kjenna på eit fellesskap der dei kan kjenna seg inkluderte og likeverdige. Dette heng saman med identitetsskapande arbeid. Identiteten som pilegrim gjer at det som definerer ein i kvardagen og i samfunnet, vert teke vekk. Alle startar fysisk på same stad, forflyttinga gjennom vandringa er den same for alle, og målet om å koma fram er og likt. Organiseringa kan leggja til rette for å oppnå endring i sjølvvet. Ein av informantane sa at eit kvart menneske må sjølv arbeida med identiteten. Samstundes ser ein at av teoriane til Kohut og Farstad at sjølvvet og identiteten heng saman med relasjonane og opplevingane ein har til andre menneske.

6.1.4 Tryggleik

Eit av spørsmåla i intervjuva var kva som kunne gje tryggleik på pilegrimsledane. Dei fleste meinte og uttrykte at dei ytre rammene som opparbeidde ledar, infrastruktur, skilt med informasjon om leden og kvar ein kunne få hjelp, var viktige moment å ta med.

Det ukjende er ofte det som skapar uro for det som skjer eller skal skje. Ved tydeleg merking og dei andre momenta, vil det vera lettare å ha fokus på sjølve vandringa og seg sjølv.

Tryggleik handlar og om å kjenna seg heime. Når ikkje lengre krava for ein sjølv er for høge eller store, kan ein senka skuldrene og vera meir open. I pilegrimstanken er det det enkle som skal ha fokus. Som ein av informantane fortalde at han gav sine medvandrarar beskjed om før avgang. Det er berre å eta, gå og sova ein må huska på. Resten av tida kan få gå til tankar, refleksjonar og inntrykk. Det er nok å berre vera. Ein treng ikkje prestera noko. Dette kan gje tryggleik for kvar einskild på pilegrimsvandring. Samstundes kan det å gå saman med andre menneske utfordra dei grensene ein har sett for seg sjølv. Grenser er viktige (Falk, 2016, s.30). Det kan vera reint fysiske grenser når leden er smal, og ein kjem så nære at ein rører ved kvarandre. Då vert det personlege rommet snevra inn, og det kan koma ei kjensle av å vera utrygg. Her handlar det om kva erfaringar ein har med seg av menneskelege relasjonar. Dei ytre grensene fører til at dei indre grensene som fortel om sjølv, vert utfordra. I resultatata kom det fram at å kjenna til kva som ventar undervegs på ei pilegrimsvandring, kan hjelpa til med å skapa tryggleik.

Organiserte pilegrimsvandringar der DNK er medverkande, vil og ha med ulike fagpersonar som til dømes prest og diakon som kan sjå, møte og samtala med den einskilde for å ta vare på og gå ilag med den som møter utfordringar av sjelesørgisk art. Då må dei vera medvitne om rolla dei har. Dette gjeld og andre tilsette og frivillige som møter pilegrimar uansett om det er organisert pilegrimsvandring eller om det er einskilde pilegrimar som kjem fram til eit mål til dømes ei kyrkje. Dette var ein av informantane svært oppteken av. Dette er eit viktig moment å trekkja fram. Å møte pilegrimen med eit ope sinn, ha omsorg og kjærleik til kvar og ein uavhengig av kva inntrykk ein må få i augneblinken, handlar om respekt for mennesket som skapt av Gud. I tillegg er det å visa nestekjærleik slik det er omtala i både *Bibelen* gjennom dei to boda om kjærleik (Matt 22, 37-39), og i *Plan for diakoni* der det er eit eige kapittel (Kyrkjerådet, 2020, s.12).

I teoriar om identitet vert det peikt på blant anna to sider som rører ved tryggleik hjå menneske og såleis får følgjer for identitetsarbeid. Den eine sida er stabilitet som både kan vera positivt for det skapar tryggleik, men det kan og hindra utvikling (Farstad, 2013, s.186). I pilegrimssamanheng er det to faktorar som vert trekt fram gjennom resultatane i høve til stabilitet. Det er dei ytre rammene, og korleis dei ansvarlege tek i mot og vandrar ilag med pilegrimar. Her vert det jobba med tryggleik som er positiv. Samstundes vil ein pilegrim ha høve til å få ro til å utfordra og såleis utvikla det indre i seg gjennom tankar og inntrykk. Det er rom for å velja kor mykje kvar einskild vil gjera, og dette gir ein fleksibilitet som er positiv. Dette meinte ein av informantane var viktig å ha med i planlegging og gjennomføring av pilegrimsvandringar. Det har betydning å skjerma pilegrimsvandrarane frå for mykje informasjon og inntrykk for å koma nærare både Gud og tankane sine.

Den andre sida er relasjonar til andre menneske, og korleis møtet mellom menneske er (Farstad, 2013, s. 187). Igjen handlar det om korleis pilegrimen vert teken i mot, og korleis han vert definert og møtt av andre menneske. I underkapittelet om fellesskap vart det referert til korleis menneske med psykiske utfordringar og innsette i fengsel kjente på det å få vera pilegrim i staden for den definisjonen dei sjølve hadde i kvardagen som sjuk eller kriminell. Når andre menneske oppfattar ein som likeverdig, og ein ikkje vert stilt over for nokre andre krav, kan det vera enklare å finna ein identitet som ein sjølv kan ha fred med. I samfunnet og i kvardagen til vanleg vert menneske i Noreg stilt overfor mange val, krav og forskjellige univers. Dette kan gje rom for å utvikla identitet, men det kan og gjera narrativet som ein skulle ha med seg, utydelegare (Farstad, 2013, s.188-189).

Denne overgangen som er i det å vera på pilegrimsvandring, og det å møta kvardagen var og eit punkt som fleire av informantane var inne på. Korleis kan ein ta med seg det gode ein har funne som pilegrim, med seg inn i eit liv fullt med ytre støy, distraksjonar og for mange forstyrrende element. Etter det som er kome fram her, kan DNK på lokalt plan ta pilegrimsmotivet meir inn i arbeidet til vanleg. Ein informant delte og ei tilbakemelding om at deltakarar tok bønner og anna som var brukt på pilegrimsvandringa, med seg i kvardagen sin og fortsette å bruka dei der. Det viser betydning av innhaldet som vert gitt under pilegrimsvandringar bør vera gjennomtenkt og tilpassa slik at pilegrimen kan ha det med seg etter vandringa.

6.2 Innhald

6.2.1 Læring og erfaring

Ein av informantane uttrykte ei glede og eit ynskje i arbeidet sitt med at menneska som var med på ei vandring, skulle få starta på noko og fullføra det ved å nå mål. Dette var og ein annan inne på. Vandraren skulle få erfara endring og få opplevingar som gav eit nytt eller utvida syn på livet. I neste omgang kunne det føre til eit møte mellom menneske og Gud. I teoriane til Dewey, er det erfaringa som gir læring (Dewey, 1938/1963, s.43). Dette kan ein overføra til ideane rundt pilegrimsvandring. Nøklane skildrar kvalitetar som til dømes stilla, fridomen eller det enkle livet. Symbolikken vert nytta for blant anna å ha fokus på vandringa. På ei pilegrimsvandring er det og ulike tekstar å ta med seg, og det er lagt til rette for at tankar og kunnskap kan få utvikla seg. Samstundes er den fysiske biten viktig. Å bruka kroppen og erfara det heile. Gjennom teori veit ein at menneske er på leit etter svar i mange samanhengar, og for å oppnå noko (Kohut & Ornstein, 2011, s.362). Det er ikkje ein fasit for alt. Dei eksistensielle spørsmåla treng meir enn teori for å kunne gje svar til menneske. Det er viktig at menneske sjølv får erfara det som er skrive om pilegrimsvandringar. Ein av informantane uttrykte at den erfaringa som skjer, er så viktig og innhaldsrik, at det er vanskeleg og nær umogleg å forklara. Ein må ha prøvd det sjølv for å forstå. Her kan ein koma til eit dilemma for dei som ikkje kjenner til pilegrimsmotivet og pilegrimsvandring. Ein av informantane peika på kor viktig det er at det på lokalt plan vert presentert små, korte pilegrimsvandringar både i trusopplæringa og for ulike grupper i kyrkjelydane. Slik er det fleire som kan verta kjende med pilegrimsmotivet, og pilegrimsvandring. Her vert det gjort mykje arbeid som hadde vore interessant og relevant og sett nærare på, men i denne oppgåva er tematikken knytt opp til arbeidet som skjer på større pilegrimsvandringar og i samband med pilegrimsledane som er St.Olavsvegar.

6.2.2 Bruk av hjelpemiddel

Eit anna punkt som kan leggja til rette for endring i tankar hjå pilegrimsvandraren er den tematiserte oppbygginga av vandringa. Orda oppbrot, opphav, opplysing, rettferd, tru,

fellesskap, kyrkjebygg som heilagstad, heilag stad, himmel og hamn, målet og velsigning er bakgrunn for oppbygginga av ei pilegrimsvandring (M.Pettersen, 2020, s. 68-69). Dette å laga eit innhald som pilegrimsvandrararen kan ta med seg, og å leggja til rette for at fokus eller refleksjonar som går i retning av det åndelege, spirituelle eller det indre i menneske er og ei av oppgåvene som kan liggja i rolla DnK har i dette arbeidet. Hefter eller små bøker vart etterspurt av ein informant, medan ein annan viste til at det allereie var nokre som var gode til å ha med. For nokre er dette eit verktøy til hjelp på ei pilegrimsvandring for å få tankar vekk frå ein sjølv og over til noko anna (Hallen, 2020, s.186). To av informantane nemnte på konkretisering og symbolbruk for å konsentrera seg eller fokusera på til dømes håp, takk og byrde. Ei grøn kvist, noko som ein tykkjer er vakkert, og ein stein kan vera til hjelp i arbeidet med å tenkja på kva som er viktig i livet. Dette vart presentert som oppdrag for ei kortare økt av pilegrimsvandringa.

Å leggja til rette for ein balanse i bruk av ord anten munnlege eller skriftlege, og den reine, stille erfaringa ei pilegrimsvandring kan gje, har betydning for erfaringa og læringa. Her var informantane sprikande i svara. Nokre meinte at mange ord og tekstar ville gje ei større oppleving, medan andre ynskte og ville at stilla og freden skulle vera dominerande under ei pilegrimsvandring.

6.2.3 Skaparverket

Gjennom intervju kom det fram at det er viktig å huska på å ha eit berekraftig fokus i pilegrimsarbeidet og i utarbeiding og vedlikehald av pilegrimsledane. Dette er ein del av skaparverket som og mennesket er del av. I *Bærekraftsboka* er der teologiske refleksjonar ikring mennesket sin posisjon og utrusting i skaparverket og korleis det bør opptre og leva (Almås & Skaland, s.31). Dette vert og nemnt i innleiinga i *Plan for diakoni*, som er eit dokument som ein kan og bør ta i bruk ved samarbeid med andre instansar som kommune, stat, næringsliv og andre (Kyrkjerådet, 2020, s.4). Dette ser ein at vert gjort i pilegrimsarbeidet i Noreg. Då er det respekt for og vern av skaparverket, berekraftig arbeid med ledane, og å ta vare på det sårbare som kan få fokus (Kyrkjerådet, 2020,s.14). Ein kan og trekkja trådar til pilegrimsmotivet som handlar om det enkle. Å visa til ein gjennomført og grundig tankegang på kven mennesket er som skapt av Gud, del av eit skaparverk, med

kunnskap og relasjonar, kan DNK gje teologiske refleksjonar og kristne verdiar inn i dette arbeidet. DNK vil kunne leggja til rette for eit menneskesyn og eit bilete på Gud som kan harmonera med dei måla som FN har for at det skal bli betre. Kanskje kan dette innhaldet og tilrettelegginga i samarbeid med andre fagfelt, gjera det meir ope og inkluderande eller interessant for menneske. Arbeidet med å forstå seg sjølv og finna sin identitet handlar det om å setja grenser slik at ein kan definera kven ein sjølv er. I den stadfestinga ein kjem fram til, er det og viktig med grensesetjing i relasjonar til andre menneske og omverda (Falk, 2016, s. 30). Identitetsarbeid med grensesetjing kan vera med å gje forståing til vern av skaparverket, og motsett kan arbeid med berekraft vera til hjelp for å setja grenser.

Fleire av informantane var inne på det å oppdaga detaljar undervegs. Mindre pilegrimsvandringar med yngre menneske, kan innehalda mykje undring. Det kan gje glede å kunne namn på dyr, fuglar og planter i tillegg til at gjenkjenning av ein art, kan gje meistringskjensle. Når ein meistrar noko og kan noko, kan det føra til ein tryggleik over situasjonen ein er i. Derfor er det viktig at menneske kjem seg ut og lærer om ulike artar i naturen slik at det kan gå lengre vandringar etter kvart om det er eit ynskje. Det er og slik at å vera medviten på at ikkje alle spørsmål har eit svar, kan vera eit godt utgangspunkt for prosessen i arbeidet med eksistensielle spørsmål og. Som ein av informantane nemnte, er ein pilegrim meir avkledd.

Det skal vera respekt for alt som er skapt. Respekt kan koma med kunnskap. For å ta vare på skaparverket er kunnskap og respekt avgjerande. Ein av informantane var inne på bruk av kortreist mat i samband med organiserte pilegrimsvandringar. Undervegs vil ein på pilegrimsledane oppleve både planter og dyr. Mange av dei i naturlege omgjevningar. Som Dewey var inne på kan erfaringar og opplevingar og vera kunnskap. Og det kan gjera at ein får ei større forståing for det ein seinare vert presentert for. Når ein vandrar på Sør-Vestlandet i jordbrukslandskap med sauer rundt seg, kan det vera med å gje forståing for nyttiggjera seg av sauene. Middagen om kvelden kan ha sau eller lam som grunningrediens. Slik vert det formidla kunnskap om eit berekraftig samfunn, samstundes som det er lokal kultur- og historieformidling. Denne kombinasjonen av kunnskapsformidling og pilegrimsvandring treng ikkje berre vera positiv. Ein av tankane bak pilegrimsmotivet er det enkle, avstand til kvardagen og arbeidet, og å ha tankane retta mot sjela. Då kan ein slik kombinasjon vera ein distraksjon.

6.2.4 Kjennskap til Gud på pilegrimsvandring

DNK si rolle inn i dette arbeidet er å få synleggjort den kristne kulturarven og verdiane som har prega Noreg i gjennom historia (Nasjonalt Pilegrimssenter, 2019, s.25). Kyrkjebygga vitnar om dette. I tillegg kan ein finna ulike spor etter ei kristen tru langs ledane (Nasjonalt pilegrimssenter, u.å., Allmannsrøysa – et symboltungt sted for pilegrimer). Men er det synlege gjennom bygningar og historiske stader nok til å få læra om Gud og den kristne trua? Informantane gav sprikande svar utifrå erfaringane dei hadde. Nokre meinte at det ikkje var naudsynt med så mange ord. For mykje tale kan verka forstyrrande på tankane og det opne sinnet. Andre meinte at jo meir ein gav av informasjon, forteljingar og munnlege tekstar, jo meir ville sitja att og gje grobotn for vidare utvikling. Dette viser kanskje mest kor ulike menneske er. Likevel er det ein tanke å sjå litt nærare på. Kan eit menneske snakka kunnskap om Gud inn i eit anna menneske? Det kan nok vera at jo meir ein høyrer, jo meir lærer ein. Å tru på Gud og kjenna Gud, vil vera noko anna. Nokre vil nok hevda at det er viktig å læra vidare tekstar frå *Bibelen*, bønner og songar for å få nok kjennskap til å kunne tru. Andre vil meine at å koma seg vekk frå ytre støy, menneskeleg påverknad og krav, og finna stilla og roen i skaparverket er nok til å kunne få eit møte med Gud. Howden peika på korleis det å få bruka heile seg, gav meir meining og gjorde læringa meir personleg (Howden, 2012, s.43). Mange vil nok hevda at tru er personleg. Læring er noko som ofte bør vera tilpassa individuelt.

Det å leggja til rette for at pilegrimsvandrarar skal få bli kjent med Gud, kan derfor sjå forskjellig ut. Det viktige i dette arbeidet er å ta med seg kva pilegrimsvandrarane sjølv deler av erfaringar, og kva teoriane fortel om menneska sine føresetnadar for å læra. DNK og andre ansvarlege bør vera tydelege i informasjonen om dei organiserte pilegrimsvandringane slik at aktuelle deltakarar veit korleis vandringa er lagt opp med tanke på formidling, stilla, opplevingar og tilbod om samtale. På pilegrimsledane bør det vera korte ord og tekstar som vert formidla i form av informasjonstavler, små skilt eller innrissa på treverk eller stein undervegs eller ved ein stoppestad. Slik kan alle få med seg noko, og såleis ein mogleg veg for å bli kjent med Gud.

Eit punkt som kom fram gjennom eit av intervju, var å la guidebøkene som vert laga for pilegrimsledane, innehalda bønner og forslag til dagens tekst for vandring og liknande. I

Margunn Pettersen (2020) si bok *Kystpilegrimsleia* er det med ei bøn for kvart mål. I tillegg er det temaord eller tematikk som er lagt til kvar stad undervegs på vandringa og har ei kort forklaring eller eit lite innhald på to sider nest sist i boka. Det er og teke med forslag til ei enkel morgonbøn liturgi. Slik vil ein som er på vandring kunne ta i bruk ferdige tekstar for å nærma seg Gud, det gudgitte og posisjonen han har i denne samanhengen. Dette kan bidra til å læra meir om relasjonar både til Gud og til omverda.

Teologisk kan ein og møte Gud gjennom blant anna andre menneske, materielle ting som ved sakramenta, musikk og i naturen. Dette viser at å la det vera tid nok og rom stort nok til denne undringa kan og gje eit mogleg møte med det åndelege og Gud.

I teorikapittelet står det om korleis gudsbilete kan påverka identitet og tru. Det kan ha følgjer for korleis ein opplever kvardagen for seg sjølv og i relasjon til andre. Eit spørsmål då kan vera korleis pilegrimsledar og pilegrimsvandringar kan leggja til rette for eit sant gudsbilete. Det er viktig å bli kjent med ein gud som kan føra til ei positiv utvikling hjå vandraren, og vera til hjelp i arbeidet med identitet. I resultat står det om ein informant som peika på kor viktig det er å kjenna seg elska og å kunne elska seg sjølv før ein kan elska andre. Leenderts er inne på noko av det same. Ho viser til ei undersøking som fortel at mange menneske manglar denne erfaringa. Dei veit ikkje om at dei er elska verken av andre menneske eller av Gud. For å få til ei endring, er det to handlingar Leenderts trekk fram for å få forsoning. Det eine er å dele trua si, og det andre er å samtala om korleis ein tenkjer og har det jamfør det å vera elska (Leenderts, 2018, s. 141-144). I tilrettelegginga er det då viktig at der er tid og rom for desse handlingane. Her føreset ein at ein går ilag med nokon der dette kan skje. Trasevalet av pilegrimsledane er viktig i denne samanhengen. Det går på å oppdaga detaljar. Leden må kunne gje ro både frå ytre støy og vera opparbeidd slik at det ikkje vert for mange inntrykk. Samstundes må pilegrimsvandraren vita om kvar og kva tid han kan få møta menneske som kan lytta, og dela.

Sjelesorg er sentralt i diakonien i DNK (Kyrkjerådet, 2020,s.12). DNK kan bidra med å leggja til rette for blant anna samtaletilbod. Ein av informantane sa at han erfarte at mange av dei som han møtte på pilegrimsvandringar var i ei livskrise eller hadde nyleg vore i ei livskrise. Når livet vert snudd opp ned, utfordrar det sjølvvet. Det kan og utfordra gudsbilete (Dalaker, 2012, s.26). I psykologien vart det nemnt på at menneske alltid vil arbeida for å gjenoppretta

og få ein indre ro når det som var det rette vert øydelagd (Kohut & Ornstein, 2011, s.362). Gjennom å få tid og rom til refleksjonar kan identiteten til kvar einskild vandrar verta styrka, og han kan sjå seg sjølv i ein større samanheng. Dette er med og skapar meining. Teoriar om meiningsskaping er interessant og relevant i sjelesorg, og i pilegrimstanken. Oppgåva her tek ikkje dette med noko meir på grunn av omfanget. Det er likevel aktuelt å gå vidare med i eit anna arbeid.

Å få kjennskap til Gud som skapar og eit bilete på Gud som er sant og truverdig, er eit budskap som er viktig å formidla av DNK. Å finna sin identitet som skapt av Gud, heng saman med å få kjennskap til heile skaparverket. Menneske høyrer til i naturen og i skaparverket for det var tenkt slik i frå starten av då Gud skapte verda. Relasjonen som er mellom Gud og menneske, er å finna i skaparverket (Engedal, 2013, s.46). Denne relasjonen kan verta erfart på pilegrimsvandring slik sitatet frå ein av informantane om handtrykket frå Gud fortel om. Ein annan informant utdjupa korleis urørt natur kunne påverka menneske med brotne relasjonar til menneske i livet, og gjera dei friare. I val av trasear og i planlegging av organiserte pilegrimsvandringar, har det betydning å koma ut i naturen.

6.3 Sterke og svake sider ved oppgåva

I avgrensinga av utvalet, vart det lagt vekt på å sjå på berre to geografiske område med tanke på om det var forskjellar i arbeid og erfaring. Resultat viser få tydelege funn der dette har betydning. Det kan ha med godt samarbeid og god erfaringsutveksling mellom tilsette i dette arbeidet i Noreg. Bruk av same litteratur som inspirasjon for planlegging og praksis, kan og spela inn. I ettertid viser dette at oppgåva kunne hatt informantar frå fleire område for å sjå om det var forskjellar i arbeidet rundt omkring i landet. På eit anna vis går oppgåva djupare inn i dei områda som er med.

I framlegging av resultatata vart det nytta parafresing lagt inn i løpande tekst, og nokre sitat. I tillegg hadde nokre avsnitt med punkt. Slik har relevant erfaring og kunnskap hjå informantane fått kome fram i ein samanheng. Resultata kunne med fordel blitt lagt inn i ein

tabell for å gjera det meir oversiktleg. Det er meir vanleg i kvantitative undersøkingar, og det vart for tidkrevjande og omfattande å få det til her.

Før arbeidet med oppgåva starta, vart det gjort ulike søk på google og Oria. Stort sett var det nøkkelorda i samandraget som vart nytta. I tillegg vart det søkt på ulike kombinasjonar av orda og omgrepa. Av og til kom det fram ei nettside som igjen gav nye lenker til andre sider. Dette var før det vart sendt inn skjema til NSD, og før problemstilling og tittel var bestemt. Derfor er det ikkje teke med i verken innleiinga eller metode. Det vart ikkje dokumentert kor mange søk som vart gjort, eller tal på funn ved dei ulike orda. Dette kunne vore gjort, og teke med slik at det vart vist dokumentasjon på kva som finst av litteratur om tematikken. Etter at arbeidet var kome i gong, er det berre teke med det som er nytta og referert til av relevant litteratur. Kan hende er det ei svak side ved oppgåva, eller så er det ei sterk side for å avgrensa omfanget og konsentrera innhaldet.

Sidan det ikkje vart funne tidlegare forskning med same vinklinga, er det mogleg at oppgåva skulle ha gått grundigare i breidde og djupna for å få svar på problemstillinga. Kvalitative intervju var nyttige og formålstenlege. Metoden kunne gitt meir informasjon ved personlege møte mellom intervjuar og informant enn som i dette tilfellet der det vart brukt Zoom. Dette var ikkje mogleg å gjera med tanke på tid, situasjon, kapasitet og omfang. Likevel er tematikken belyst, og løfta fram. Oppgåva kan vera eit bidrag der det er lite forskning frå før, og visa kor stor betydning arbeidet DNK kan ha i denne samanhengen. Tilnærminga i oppgåva gjorde at erfarne og fagkunnige informantar har fått kome fram med sitt syn.

7 Oppsummering

Målet med oppgåva er å sjå på korleis DNK kan leggja til rette på pilegrimsledane organisert av NPS, slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud. Nokre svar finn ein ved å gå inn i planar laga av NPS og DNK, og gjennom litteratur som omhandlar identitet og gudsbilete. Men det er ikkje alt. Det som er skrive, er ord på papir. Det er ikkje handling. Praksisen er utført av menneske med kunnskap og erfaringar som utfyller det som står, slik at det kan føra til det som er best for menneske i gitt situasjon.

Gjennom kapittel om kontekst og teoriar har det det blitt vist til kor viktig arbeidet med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar er. Det heng saman med historie og kultur, men og ei tru på menneske. Funna i Resultat viser det same. DNK kan i dette arbeidet koma inn med eit verdisyn på mennesket og heile skaparverket. Kvar einskild har ein plass her på jorda. Samstundes er det ein del av noko større der Gud er skapar og gir liv. Resultata av intervju gav uttrykk for at DNK hadde ei viktig rolle i arbeidet. Informantane som var tilsette og arbeidde med ulike deler av pilegrimsarbeidet, var medvitne om at budskapet og fagkunnskap som tilsette i DNK kan bidra med. Det er samsvar mellom teori og praksis på mange felt. DNK kan leggja til rette slik at pilegrimsvandrarar erfarer det positivt å møte bygningar, vertskap, symbol og tekstar som peikar på det religiøse og på Gud som skapar. Arbeidet må vera gjennomtenkt, balansert, og basert på både teoriar og erfaringar.

Biletet som informantane gav av kva DNK kan gjera, viser at opne kyrkjer er avgjerande for at pilegrimsvandrarar skal kunne få erfara det åndelege. I tillegg kunne utsmykking og symbolbruk i kyrkjerommet gje kjennskap til Gud, og til høve mellom Gud og menneske. Identiteten ein har med seg møter noko som kan vera kjent eller ukjent, men det vil uansett ha verknad på sjølv. Relasjonane ein har til kyrkjerommet, og dei ein får under ei pilegrimsvandring kan endra tankane på korleis ein ser på seg sjølv.

Det kjem fram av arbeidet at pilegrimsledar og pilegrimsvandringar kan gje menneske erfaringar med skaparverket, og gje kjennskap til Gud som skapar og mennesket som forvaltar. Punkta nedanfor er oppsummerande og moglege svar på problemstillinga som oppgåva starta med:

- DNK vil ha igjen for å fortsetja samarbeidet med dei andre aktørane i pilegrimssatsinga til NPS. Ei medviten haldning til ressursbruken, og på kva område der det allereie er gjort og vert gjort eit godt nok arbeid av andre, kan vera tenleg. DNK kan med større frimod og styrke gå inn i samarbeidet med fagkunnskap som dei andre ikkje har. Dette vart det vist til i drøftinga om kvifor DNK bør vera med, og i kva emne DNK kan bidra meir med.
- Arbeidet med opne kyrkjer og andre kyrkjelege bygg er viktig. Informantar og dokument viser til korleis dette kan skje. Eit moment er å få ressursar nok til å ha vertskap og fagpersonar ved treffpunkt. Funna viser til kva betydning det kan ha at pilegrimsvandrarane vert møtt av menneske med tid og kunnskap når dei når eit mål anten det er undervegs eller til slutt i vandringa.
- Å erfara sin identitet som skapt av Gud, krev avstand til kvardagen og ytre støy. Påverknad og inntrykk utanfrå kan hindra identitetsarbeidet hjå kvar einskild. DNK kan vera med å utforma innhaldet på informasjonstavler som står undervegs på pilegrimsledane, og kor desse skal vera. DNK kan vera medvitne i planlegginga av organiserte pilegrimsvandringar slik at pilegrimsvandrarane vert skjerma.
- DNK kan leggja til rette for at det kan opna seg rom for identitetsskapande arbeid, gjennom pilegrimsvandringar som er organiserte slik at fellesskapet er inkluderande, likeverdig og samstundes myndiggjer deltakarane. Dei organiserte pilegrimsvandringane kan vera meir spesifiserte for ulike grupper, og kan vera i samarbeid med andre instansar. Dette kan koma fram i påmeldinga og invitasjonar.
- Resultata viser eit ynskje om fleire vandringar der DNK er med. Det kan vera mogleg viss det vert satsa på ressursar inn i pilegrimsarbeidet. Allereie har nokre ei vandring som del av den ordinære stillinga si som diakon eller prest. Det har vore og er pilegrimsprest tilsett i Noreg. Kan hende kunne det og ha vore pilegrimsdiakonar som spesialdiakon slik som sjukehusdiakon. For å få til det, kan ei løysing vera eit samarbeid med ulike instansar som kommune, fylke eller private bedrifter.

All forskning bør ta utgangspunkt i aktuelle utfordringar som ein finn i samfunnet (Thagaard, 2018, s.49). I arbeidet mitt med denne oppgåva, har eg lese avhandlingar og forskning som viser til at pilegrimsvandring kan gje betre helse både fysisk og psykisk for vandrarane. Det kunne vore interessant å gå nærare inn på den helande verknaden av pilegrimsvandring sett

i lys av sjelesorg. Ved tematikk som forsoning, tilgjeving og sorgarbeid, kan DNK leggja til rette og vera delaktig i prosessane. Oppgåva var innom forsoning, og der er diakonar, prestar og andre tilsette i DNK med fagkunnskap på desse områda. Desse vert henta inn og bidrar på organiserte pilegrimsvandringar. Eg trur likevel her er eit større potensiale som ein kan nytta, for å nå menneske som slit og har det vanskeleg i samfunnet på grunn av årsaker som vart nemnt. Her kan ein forska vidare.

Ei anna side som arbeidet mitt ikkje rører ved noko særleg, er forskjellar som kan vera mellom dei ulike delane av landet vårt. Det kan handla om tilpassing til geografi og klima. Det kan og handla om kultur og historie som pregar menneska, lokalmiljø og infrastruktur. I Noreg er det store forskjellar innanfor desse områda. Når ein arbeider med pilegrimsledar og pilegrimsvandringar, må ein ta omsyn til dette. Det viser og resultata i denne oppgåva. DNK må derfor tilpassa arbeidet sitt og korleis dei legg til rette for pilegrimsvandrarane, etter kvar arbeidet skjer. Ei generell oppgåvetildeling frå NPS, må kvart regionalt senter og bispedømme arbeida vidare med og leggja inn lokale høve. Dette er og noko som vert gjort, og kan hende er det eit felt for meir forskning.

Denne masteravhandlinga har gitt eit bilete på kva dei som arbeider tett på tematikken tenkjer og meiner utifrå kunnskap og erfaring. Ho har teke inn relevante teoriar som ser om praksis og teori går saman. Det er ein tematikk og ei problemstilling som kunne vore arbeidd mykje breiare og djupare med for å finna gode svar og kunne gje framlegg til fortsetjing i arbeidet. Likevel er det eit innblikk i korleis DNK kan leggja til rette på pilegrimsledane organisert av NPS, slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud.

Litteraturliste

- Almås, G. & Skaland, A.M. (Red.). (2018). *Bærekraftsboka*. <http://xn--brekraftsboka-3fb.no/>
- Dalaker, A. (2012). *Tro – en kilde til livsmot? Håpets mysterium når sykdom preger livet*. Efrem.
- Dewey, J. (1963). *Experience and education*. Scribner Paper Fiction. (Opprinneleg gjeve ut 1938). https://openlibrary.org/books/OL7264857M/Experience_and_Education
- Engedal, L.G. (2011). Fra fengselscelle til pilegrimsvei. *Halvårskrift for praktisk teologi*, 28(2), 53-79. <https://journals.mf.no/tpt/issue/view/501>
- Engedal, L. G. (2013). Del 2: Hva er da et menneske? I L. G. Engedal, B. L. Persson & E. Torp (Red.), *Trygge rom: Trosopplæring i møte med sårbare og overgrepsutsatte barn og unge* (s.39-60). Verbum.
- Erikstein, E. (2015). Å vandre med håp. *Luthersk kirketiende*, 150(7), 150-155. <https://hdl.handle.net/11250/2768868>
- Falk, B. (2016). *Å være der du er* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- Farstad, M. (2013). Identitetsarbeid i spennet mellom selvaktelse og skam. *Tidsskrift for sjelesorg*, 33(3), 186-200.
- FN-sambandet. (2022, 11.mai). *FNs bærekraftsmål*. Henta 14.mai 2022 frå <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>
- Fog, J. (2019). *Med samtalen som utgangspunkt. Det kvalitative forskningsinterview* (3.utg.). Akademisk.
- Giske, T. & Cone, P.H. (2019). *Å ta vare på heile mennesket*. Det norske samlaget.
- Hallen, K. (2020). Pilegrim og forvandlende disippelskap. *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap*, 74(3), 185-192. <https://journals.mf.no/ntm/article/view/5407/4416>
- Haugen, H.M. (2018). *Diakoni i velferdssamfunnet. Mangfold og dilemmaer*. Fagbokforlaget.
- Haugen, H.M. (2019). Pilegrimsvandringer i trosopplæringen og i samarbeid med andre. *Prismet*, (70)4, 377–391. <https://journals.uio.no/index.php/prismet>

- Hegstad, H. (2015). *Gud, verden og håpet. Innføring i kristen dogmatikk*. Luther.
- Henriksen, J.-O. & Aarflot, H. M. (2013). Tro og identitet - under erfaringens trykk. *Tidsskrift for sjelesorg*, 33(3), 173-185.
- Howden, E. (2012). Outdoor experiential education: Learning through the body. *New directions for adults and continuing education*, 2012(134), 43-51.
<https://doi.org/10.1002/ace.20015>
- Jansson, M. (2022). *Statistikk Gudbrandsdalsleden, St.Olavsleden og Kystpilegrimsleia*. Nasjonalt Pilegrimssenter. <https://pilegrimsleden.no/assets/images/Statistikk-2021-Pilegrimsleden.-St.Olavsvegene-til-Trondheim.-Gudbrandsdalsleden-St.Olavsleden-og-Kystpilegrimsleia.pdf>
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg.). Abstrakt.
- Jordheim, K. (2011). Diakon i ulike kontekster – Praksisrelaterte erfaringer. I S. Dietrich, K. K. Korslien & K. Nordstokke (Red.), *Diakonen – kall og profesjon* (s. 13-52). Tapir.
- Jørgensen, N.N, Eade, J., Ekeland, T-J. & Lorentzen, C.A.N. (2020). Pilegrimsreisens prosesser, effekter og terapeutiske terapier. *International Journal of Religious Tourism and Pilgrimage*, 8(1), Artikkel 6. <https://doi.org/10.21427/v0cc-7135>
- Kirken. (u.å.). *Hva er diakoni?* <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/diakoni-og-samfunnsansvar/diakoni/>
- Kohut, H. og Ornstein, P.H. (2011). *Search for the Self: Utvalgte skrifter av Heinz Kohut 1978-1981*. Karnac Bøker. <https://search-ebscohost-com.ezproxy.vid.no/login.aspx?direct=true&db=e000xww&AN=369218&site=ehost-live>.
- Korslien, K. K. (2012). Diakonen – leder og pilegrim. Diakonalt lederskap i helsefremmende pilegrimsarbeid. I E.Aadland (Red.), *Ledelse i diakonale virksomheter* (s.235-246). Akademika.

- Krogseth, O. (2005). Kirken som kultur- og tradisjonsbærer – og statskirken. *Kirke og kultur*, 110(1), s.57-61. Universitetsforlaget. <https://doi-org.ezproxy.vid.no/10.18261/ISSN1504-3002-2005-01-07>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2019). *Det kvalitative forskningsintervju* (3.utg.). Gyldendal akademisk.
- Kværne, P. (2020, 16.juli). Pilegrim. I *Store norske leksikon*. Henta 19.april 2022 frå <https://snl.no/pilegrim>
- Kyrkjerådet. (2020). *Plan for diakoni for Den norske kyrkja*. Kyrkjerådet & Den norske kyrkja. <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/diakoni-og-samfunnsansvar/diakoni/>
- Leenderts, T.Aa. (2018). I møte med lidelsen - finnes det en kjærlig Gud? Kom.
- Lindström, H.-E. (2007). *Pilegrimsliv-en håndbok for vandrere*. Verbum.
- Luther, M. (1980). Den verdslige øvrighet. I M. Luther, & I. L. Rasmussen (Red.), Verker i utvalg bind 3 (S. Hjelde, Overs., 163-202). Gyldendal. (Opprinneleg gjeve ut i 1523). https://www.nb.no/items/URN:NBN:nonb_digibok_2007070904008?page=5
- Løvoll, H. S. & Torrisen, W. (2020). Kunsten å gå: Pilegrimsvandring og subjektiv livskvalitet. *Nordic Journals of Arts, Culture and Health*. 2. 2020.s.122-139. Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-7913-2020-02-04>
- Mæland, J. O. og Berg, A. (1985). *Konkordieboken: den evangelisk-lutherske kirkes bekjennesskrifter*. (Ny norsk oversettelse utg.). Lunde. https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007080601114
- Nasjonalt Pilegrimssenter. (u.å.). Allmannsrøysa - et symboltungt sted for pilegrimer. <https://pilegrimsleden.no/artikler/allmannsroysa>
- Nasjonalt Pilegrimssenter. (u.å.). *Nasjonal pilegrimskonferanse - to dager fylt med inspirasjon*. <https://pilegrimsleden.no/artikler/nasjonal-pilegrimskonferanse-en-inspirerende-opplevelse>

- Nasjonalt Pilegrimssenter. (2019). *Veien fram mot 2037. Langtidsplan 2020-2037: Pilegrimsleden-en reise som berører*. Nasjonalt Pilegrimssenter.
https://pilegrimsleden.no/assets/images/Langtidsplan_Pilegrimsleden.pdf
- Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider. (u.å). *Nasjonalt pilegrimssenter*. Nidarosdomen.
Henta 23.februar 2022 frå <https://www.nidarosdomen.no/ndr/om-ndr/nasjonalt-pilegrimssenter>
- Pettersen, M. (2020). *Kystpilegrimsleia fra Egersund til Trondheim*. Mosaikk.
- Pettersen, N.M. (2012). *Pilegrimdiskursen*. [Masteroppgåve i kulturhistorie, Universitetet i Oslo]. DUO. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-32875>
- Tetzchner, S.V. (2020, 14.juli). Identitet. I *Store norske leksikon*. Henta 5.april 2022 frå <https://snl.no/identitet>
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder* (5.utg.). Fagbokforlaget.
- Thomassen, M. (2006). *Vitenskap, kunnskap og praksis. Innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Gyldendal akademisk.
- Wigen, T. (1993). *Religionsfilosofi: en bok om tro og livets mening*. Luther.
https://bibsysmaprimo.hosted.exlibrisgroup.com/permalink/f/1e84a44/BIBSYS_ILS71463921090002201
- Zahavi, D. (2014). Fænomenologi. I F. Collin, & S. Kjøppe (Red.), *Humanistisk videnskapsteori* (3.utg., s. 189-222). Lindhardt og Ringhof.

Vedlegg

I. Samtykkeskjema til informantane

II. Intervjuguide

I. Samtykkeskjema til informantane

Vil du delta i forskingsprosjektet

Den norske kyrkje si rolle i pilegrimsvandringar?

Ei kvalitativ undersøking med tanke på menneske sin identitet som skapt av Gud

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å sjå nærare på korleis Den norske kyrkja (DnK) legg til rette for åndelege erfaringar for pilegrimsvandrarar i deira søken etter identitet i høve til Gud. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

Føremål

Dette er ein del av ei masteroppgåve i diakoni. Føremålet med oppgåva er få svar på korleis DnK kan leggja til rette pilegrimsvandringar slik at menneske kan bli kjent med sin identitet som skapt av Gud?

Det vil vera avgrensa til å gjelda arbeidet i Stavanger bispedømme og Nidaros bispedømme. Innhaldet i spørsmåla eg vil nytta, vil gå på planlegging og praktisk gjennomføring med tanke på problemstillinga.

Valet av tematikk er gjort av personleg interesse og fagleg forvitenskap. Eg ynskjer å få betre og djupare kunnskap om pilegrimsarbeidet. Viss dette er noko eg kan få jobba meir med i framtida, er det mogleg eg vil nytte det eg finn ut i dette prosjektet, i ein artikkel eller anna seinare. Eg bed difor og nå om å få bruke dette.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

VID, Vitenskapelige høgskole er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Grunnen til at eg ynskjer at du svarer på undersøkinga mi, er fordi du er tilsett i samband med pilegrimsarbeid, og har derfor kjennskap til kva som vert gjort, tankar om vidare arbeid og erfaring med gjennomføring og opplevingar hjå dei som er pilegrimsvandrarar.

Kva inneber det for deg å delta?

Eg vil nytta munnlege intervju anten i eit fysisk møte, telefon eller via zoom. Det vil ikkje bli teke lydopptak. Viss det er ynskjeleg eller det viser seg for vanskeleg å gjennomføra kan det

bli nytta datastøtta intervju det vil seia spørsmål via e-post. Det vil ta deg ca. 45 minutt. Eg vil notere etter kvart, og så kan du få sjå gjennom det eg har skrive og koma med eventuelle innspel.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket utan å gje nokon grunn. Du skriv då berre ei melding til meg som prosjektansvarleg. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre eg som intervjuar og rettleiar som vil ha tilgang til informasjonen du gir. Opplysingane blir anonymiserte slik at ingen vil kunne kjenna att informantane i ferdig oppgåve.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Masteroppgåva skal vera ferdig innan 15.mai 2022, og personopplysingar vil verta sletta før 1.juli 2022.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå VID Vitenskapelige Høgskole har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- VID Vitenskapelige Høgskole ved student Kjersti Hausberg Bjerga, epost: k-bjerg@online.no, tel: +47 938 33 150 og rettleiar og prosjektansvarleg Randi Synnøve Tjernæs, epost: randi.tjernaes@vid.no, tel: +47 930 25 797.
- Vårt personvernombod:
Nancy Yue Liu. nancy.yue.liu@diakonhjemmet.no; tel: +47 938 56 277

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing

Randi Synnøve Tjernæs, rettleiar

Kjersti Hausberg Bjerga, student

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet Den norske kyrkja si diakonale rolle i pilegrimsvandringar, og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i munnleg intervju eventuelt datastøtta intervju.

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

II. Intervjuguide

Intervjuguide med innleiing

Den norske kyrkja si diakonale rolle som aktør i pilegrimsarbeidet knytt til Nasjonalt Pilegrimssenter.

Masteroppgåva eg har byrja og skriva, tek utgangspunkt i rolla Den norske kyrkja (DnK) har som aktør i pilegrimsarbeidet til Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS). Arbeidet der skal vera forankra i kyrkja, og i langtidsplanen er det vist til mål og tiltak der kyrkja har ansvar og er ein aktiv aktør (NPS, 2019, s.24-25).

DnK arrangerer eigne pilegrimsturar langs ledane, og dei er med i samarbeid med andre aktørar på pilegrimsvandringar. DnK er med i opparbeiding av pilegrimsledar, og arbeider med korleis ein kan nå ut til menneske med informasjon om desse. Ny problemstilling:

Korleis kan DnK leggja til rette på pilegrimsledane organisert av NPS, slik at menneske kan erfara sin identitet som skapt av Gud?

Bakgrunn

- Kva er dine arbeidsoppgåver inn i pilegrimsarbeidet og arbeidet med pilegrimsledane?
- Kva er drivkraften din for å ta del i dette arbeidet?

Organisering

- Korleis vil du forklara rolla DnK har som aktør inn i den nasjonale satsinga på pilegrimsledar og pilegrimsarbeid?
- Kva trur du det har å seia for vandringane og arbeidet at nokon frå DnK er med?
- Det er mykje diakoni som ein kan knyta til pilegrimsvandringar. På kva måtar tenkjer du at pilegrimsvandring er diakonal?
- Kva tenkjer du er naturleg å ta med inn i planlegginga av ein pilegrimsled og pilegrimsvandring?

- På kva måte eller kva forhold vert lagt vekt på for at ein pilegrimsvandrar skal kunne kjenna seg trygg i naturen på pilegrimsvandringa? (Slik at fokuset kan vera i stilla og i naturen)

Innhald

- Pilegrimsledar går gjennom skaparverket. Kva erfaringar og tankar gjer du deg om det?
- Kva er viktig for deg i arbeidet med å leggja til rette for at vandrarar kan få nærare kjennskap til skaparverket?
- På kva måte kan tilrettelegginga peika på Gud?
- Kan du forklara kva du legg i uttrykket: «identitet som skapt av Gud»?
- Gjennom intervju, podcast, tidlegare masteroppgåver og anna er det fleire vandrarar som har uttrykt at dei vert betre kjent med seg sjølv og sin identitet. Kva tankar gjer du deg om dette? Kvifor trur du at dette går igjen?
- Korleis kan arbeidet DnK gjer i denne samanhengen, vera med å bidra til at deltakaren kan erfara at det er ein del av skaparverket?
- Har du ei oppleving med dette om identitet, skaparverket og pilegrimsvandrararen som du vil dela?